

## Møteinkalling

<b>Utval:</b>	Hordaland fagskulestyre
<b>Møtestad:</b>	Bergen tekniske fagskole
<b>Dato:</b>	17.03.2016
<b>Tid:</b>	10:00

Det blir med dette kalla inn til styremøte i Hordaland Fagskulestyre

**Program:**

Kl. 10.00: Handsaming styresaker

Omvisning + lunsj

Innkallinga gjeld valde medlemer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Kopi vert sendt varamedlemene og rektorane ved fagskulane til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Dersom nokon ikkje kan møta og må meldia forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no)

Roald Kvamme  
styreleiar

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 9/16	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 10/16	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 11/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 6/16	Brev til, og svar frå, Arbeids- og sosialdepartementet vedkomande dagpengar	2015/11453	
RS 7/16	Komande stortingsmelding for fagskulane hausten 2016	2015/11453	
RS 8/16	Årsrapport 2015 - Utdanning for vaksne	2015/11453	
RS 9/16	Fagskulane i Hordaland - kvalitetsmål og utviklingsplanar for skuleåret 2015/16	2015/11453	
PS 12/16	Administrativ samanslåing av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole	2015/11453	
PS 13/16	Råd og utval i fagskulesektoren, og medlemskap i RFF	2015/11453	
PS 14/16	Investeringsbehov ved Fagskulane i Hordaland 2016	2015/11453	
PS 15/16	Fordeling av utviklingsmidlar 2016	2015/11453	
PS 16/16	Ymse		

PS 9/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 10/16 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 11/16 Referatsaker (meldingar)



**Notat**

Dato: 24.02.2016  
Arkivsak: 2015/11453-25  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

**Brev til, og svar frå, Arbeids- og sosialdepartementet vedkomande dagpengar**

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har etter vedtak i fagskulestyret sendt brev til Arbeids- og sosialdepartementet om studentane som er i arbeid og vert permitterte eller sagt opp på grunn av nedbemanning. Brevet vart sendt 05.02.2016. Arbeids- og sosialdepartementet har svart i brev datert 24.02.2016. Breva kan lesast under i denne meldinga.



Arbeids- og sosialdepartementet

Dato: 05.02.2016

Vår ref.: 2015/11453-19

Saksbehandlar: adelan

Dykkar ref.:

## Fagskulestudentar som blir permittere eller arbeidsledige under utdanning

Styret for Fagskolane i Hordaland har vore uroa over situasjonen med studentar som kombinerer skule og jobb, og som blir permittere eller arbeidsledige. Det er derfor gledeleg at departementet vil gjere ei forskriftsendring slik at desse studentane kan få dagpengar dersom dei har starta ei utdanning før dei blei permittere eller arbeidsledige.

Studentane som studerer på deltid eller har turnustilrettelagt utdanning ved sida av ordinært arbeid er i stor grad vaksne og etablerte studentar som ikkje har moglegheit til å fortsette utdanninga dersom dei ikkje kan få dagpengar frå NAV. Det er hovudsakleg studentar som tar utdanning innan olje- og gassrelatert sektor som står i fare for å måtte slutte i utdanninga om dei vert permittere eller arbeidsledige. Til no har fagskulane registrert om lag 20 studentar som har sluttar på grunn av permitteringar eller oppseiingar. Moglegheita til å fullføre utdanninga kan gje denne studentgruppa den kompetansen dei treng for å kome raskare tilbake i arbeid, og er såleis eit viktig tiltak for å stimulera til sysselsetting.

Styret for Fagskolane i Hordaland håpar at dei føreslårte endringane vert etablert raskt slik at fleire studentar får moglegheit til å fullføre utdanninga dei har starta på. Det er også ønskjeleg at endringane tek omsyn til studentar som har sluttar og fortsatt er ledige.

Roald Kvamme  
styreleiar

Adeline Berntsen Landro  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref	Vår ref	Dato
2015/11453	16/580-	24.02.2016

**Svar på førespurnad om dagpengar til fagskolestudentar som blir permitterte eller arbeidsledige under utdanning**

Vi viser til brev av 5. februar 2016, med synspunkt på endringar i regelverk for dagpengar under utdanning.

De kan lese meir om endringane i dagpengeregelverket på sidene til departementet på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no). Her finner de også Arbeids- og sosialdepartementet sin proposisjon til Stortinget om tilleggsløyving som følgje av endringane i dagpengeregelverket (Prop. 64 S (2015-2016)).

Departementet arbeider no med utforming av regelverket. Alle detaljane vil først vere på plass når lov- og forskriftsendringane er vedtekne. Vi tar sikte på å setje forskriftsendringane i verk 1. mai 2016 og lovendringa 1. juli 2016.

Med helsing

Solveig Lie  
avdelingsdirektør

Kalyani Rushanth

rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter*



## Notat

Dato: 24.02.2016  
Arkivsak: 2015/11453-23  
Saksbehandlar: adelan

---

Til: Hordaland fagskulestyre

---

Frå: Fylkesdirektør opplæring

---

### Komande stortingsmelding for fagskulane hausten 2016

#### Bakgrunn

Hordaland fagskulestyre vedtok 26.01.2016 følgjande under ymse:

Vedk. komande Stortingsmelding om fagskulen:

Styreleiar ber om sak til neste styremøte om status og forslag til korleis Fagskolane i Hordaland kan posisjonera seg og vera offensiv og dermed få innverknad på innhaldet i meldinga. Styreleiar ber og om innspel frå styret.

15. desember 2014 kom *NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg* (NOU:14), og høyingsfristen var sett til 25.03.2015. Utvalet som utarbeidde NOU:14 peikar mellom anna på fleire område som kan betrast for å gjøre fagskulen sin plass tydeleg og for å heve skuleslaget sin status i det norske utdanningssystemet.

Utvalet føreslår at ei rekke tiltak må setjast i verk for at fagskulane skal få sin rettmessige plass i utdanningssystemet. Tiltaka har følgjande hovudoverskrifter og vert her summert:

1. Ein synleg fagskule og fagskulen sin status
  - o Fagskuleutdanninga må gjerast meir attraktiv og synleg. Her må myndigheter, fagskulane og arbeidslivet bidra. Arbeidslivet må bevisstgjøre seg dei moglegheitene som fagskuleutdanninga gjev. Myndighetene må legge til rette slik at fagskuleutdanninga blir ein høveleg utdanningsveg med føreseielege overgangar, der studentrettigheter står sentralt (NOU:14 s. 86).
2. Kvalitet, relevans og arbeidslivstilknytting
  - o Det er naudsynt å utvikle fagskulen til eit skuleslag med høg kvalitet og relevans som er godt kjent og godt omtykt i arbeidslivet og i befolkninga. Relasjonane til arbeidslivet må styrkast og gjerast meir systematiske. Fagskulen si lovfesta kopling til arbeidslivet tilseier at omgropa kvalitet, relevans og arbeidslivstilknytting er uløyseleg knytt saman. Ansvaret for å løyse utfordringane på dette feltet krev ansvarleggjering og bevisst politikk, handling frå myndighetene, fagskulane og aktørane i arbeidslivet. Eit anna viktig tiltak for å auke kvaliteten og relevansen er etter utvalet si meining å styrke skulane sin administrasjon og det pedagogiske miljøet. Ein reduksjon i talet på skular vil vere heilt naudsynt for å oppnå

dette. Verkemiddel for å oppnå sterke einingar vil vere reglane for akkreditering, eigarforhold og finansiering. [...] (NOU:14 s. 105).

### 3. Finansiering

- Utvalet har gjort greie for alternative finansieringsordningar for fagskulane. Finansieringa skal først og fremst sørge for at statens midlar vert nytta på ein mest mogleg effektiv måte gjennom god og høveleg drift og utvikling. For å få ei ny finansieringsordning til å bidra til denne målsettinga, må ein også gjere noko med organiseringa av forvaltninga av fagskulane og korleis ein dimensjonerer både talet på fagskulane og utdanningskapasiteten ved fagskulane. Mange av tiltaka er knytt tett saman og vil ikkje gje ønska effekt utan at tilhøyrande tiltak vert sette i verk.

Det har vore viktig for utvalet at dei alternative finansieringsordningane ikkje skal vere det primære verkemiddelet i utviklinga av utdanningskvaliteten ved fagskulane. Utvalet meiner at ei tettare kopling mellom departementet med eit heilskapleg sektoransvar, og fagskulen, vil bidra til ei betre styring og utvikling av fagskulesektoren. Utvalet vurderer også at det vil vere viktig å løfte fram fagskulane som ei sjølvstendig utdanning i statsbudsjettet ved å synleggjere fagskulen som eit eige programområde.

Utvalet har lagt fram alternative finansieringsordningar for fagskulane. Etter utvalet si vurdering er dei alle relativt enkle finansieringsordningar som oppfyller krava og forventningane som er lagt for desse. Utvalet er også av den oppfatning at finansieringsordningane er dynamiske på den måten at dei med enkle grep vil kunne verte tilpassa endringar skapt av ytre faktorar, både ved endringar i etterspurnad og tilbod av fagskuleutdanning, og ved behov for endringar i insentivstrukturen overfor fagskulane. Utvalet ønskjer også at finansieringa av private fagskulane bør betrast, og at dei bør inkluderast i finansieringsordninga (NOU:14 s. 121).

- Utvalet beskriv som nemnt tre modellar for finansiering av fagskulane, men anbefaler modell 3 «Kandidat-studentmodellen med utviklingsmidlar». Denne modellen baserer seg på at fagskulane vert gjeve tilskot etter både kor mange studentar som er i utdanning (grunntilskot), og kor mange som fullfører ei fagskuleutdanning (resultatstyring). I tillegg kan det verte gjeve utviklingsmidlar retta mot investeringar og kvalitetshhevande tiltak. Modellen føreslår at det skal vere eit øvre tak på kor mange studentar ein institusjon kan ha, og skulen må såleis søkje departementet om midlar til opprettning av nye studieplassar.

NOU:14 finn ein her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/025d939680e3472b8c843f25411d72e1/no/pdfs/nou201420140014000dddpdfs.pdf>

Utvalet si samla liste over tiltak kan lesast frå side 127 i NOU:14. Det er til saman 49 tiltak, og eit utval av desse vil verte omtala seinare i denne meldinga.

## Deltaking før og etter prosessen med NOU:14

Hordaland fylkeskommune og Hordaland fagskulestyre leverte begge fråsegn til høyringa for NOU:14. Begge fråsegnene var klare på at det var mange gode forslag for å styrke fagskulen, men at Hordaland fylkeskommune og fagskulestyret ønsker at fagskulane fortsatt skal vere eige av fylkeskommunane.

Vedtak i fagskulestyret 24.03.2015, sak PS 14/2015:

### *Vedtak*

*Hordaland fagskulestyre gjev høyringsfråsegn til NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg slik det går fram av denne saka.*

*Hordaland fagskulestyre vil påpeike at mange av tiltaka som kjem fram i høyringa har Fagskolen i Hordaland iverksett. Fagskulestyret i Hordaland er av den oppfatning at dei økonomiske rammevilkåra til fagskulane er heilt avgjerande om fagskulane skal vere i stand til å gi gode tilbod for å imøtekome arbeidslivet sitt kompetansebehov.*

*Fagskulestyret støttar saksframlegget til innstilling, og Opplærings- og helseutvalet sitt tilleggspunkt:*

*«HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for fylkeskommunen si organisering av fagskulen. Det er viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må ligge under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytta regional eining.»*

Vedtak i fylkesutvalet 26.03.2015 sak PS 73/2015:

### *Vedtak*

1. *Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg slik det går fram av fylkesrådmannen si vurdering i denne saka.*
2. *HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for HFK si organisering av fagskulen. Det er viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må ligge under eit regionalt nivå. Så lenge Noreg har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytt regional eining.*

Både Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga var involvert i saksførebuinga til fråsegn fra Hordaland fylkeskommune. Regionalavdelinga meiner også det er viktig å sjå fagskuletilboda i samanheng med kompetansebehovet i regionen.

Hordaland fylkeskommune og fagskulestyret har i høve til å etablerta større og færre fagskuleeininger vore i forkant av nokre av tilrådingane i NOU:14. Allereie i mars 2013 vart skulebruksplanen for vidaregåande skular og fagskular handsama i fylkestinget, og det vart vedteke at dei 7 fagskulane skulle slåast saman til 2 fagskulor; ein helsefagskule og éin teknisk og maritim fagskule. Prosessen med samanslåingane har føregått i to etappar der dei små fagskulane vart slått saman eller lagt som studiestad under dei største fagskulane. Siste etappe i høve til å slå saman den tekniske fagskulen og den maritime fagskulen er under handsaming. På bakgrunn av dette har Hordaland både redusert talet på fagskulor og etablert større eininger.

I prosessen med å utarbeide NOU:14 vart det arrangert regionvise samlingar der både fagskulane, næringsliv og fylkeskommunane kunne kome med innspel. Fylkesdirektør opplæring deltok med eit innlegg på ei regionsamling på Sola. Presentasjonen synleggjorde Hordaland fylkeskommune og Fagskolane i Hordaland sitt arbeid med å gje kompetanseheving i Hordaland, samt ønske om å behalda forvaltninga og eigarskapet av fagskulane på eit regionalt nivå.

I etterkant av NOU:14 har Kunnskapsdepartementet sett i verk ei kartlegging av kostnadane knytt til fagskuledrifta i fylkeskommunane, og ei evaluering av Nasjonalt fagskoleråd. Hordaland fylkeskommune og Fagskolane i Hordaland har bidrige med informasjon og data til både kartlegginga og evalueringa.

I høve til komande stortingsmelding hausten 2016 er det viktig å informera politisk leiing om status i fagskulane i høve til NOU:14, og det vil derfor verte utarbeidd ei løypemelding om arbeidet som vert gjort ved Fagskolane i Hordaland.

### **Vidare arbeid med å styrke fagskulesektoren og behalda fagskulane på eit regionalt nivå**

For å vere i forkant av stortingsmeldinga om fagskulane som kjem til hausten er det viktig å fortsette arbeidet med å styrke fagskulesektoren i Hordaland, samt synleggjere det arbeidet som vert gjort. I det følgjande vert det vist eit utval av dei 49 tiltaka som vart føreslått i NOU:14 i høve til kva ein bør arbeida med vidare og kva som vil verte vurdert i stortingsmeldinga om fagskulane. Tiltaka vert framheva i kursiv, medan eigne kommentarar står under dei framheva tiltaka.

#### **1. Overgangsordningar mellom utdanningsinstitusjonar**

Staten bør:

- *Løyve midlar til samarbeidsprosjekter for utvikling av overgangsordningar mellom fagskuler og uh-institusjonar.*

##### Kommentar

Ein bør vurdera korleis styret og Fagskolane i Hordaland kan ta eit initiativ for å få til fleire høvelege overgangsordningar mellom fagskulen og høgskulen.

#### **2. Synleggjering, eigarskap og struktur**

- *Auke sin innsats for å synleggjere fagskulen som ein attraktiv karriereveg.*
- *Sette i gang ein prosess med det føremål å overføre eigarskapet av dei offentlege fagskulene frå fylkeskommunane til staten. Fagskolane bør organiserast som statlege forvaltningsorgan med særskilte fullmaktar.*
- *Sette i gang ein prosess som skal føre til å redusere talet på fagskular for å skape robuste familjø og styrke kvaliteten. Talet på offentlege fagskuler bør reduserast til mellom fem og ni.*

##### Kommentar

Hordaland fylkeskommune og Fagskolane i Hordaland arbeider aktivt med å synleggjere fagskulen som ein attraktiv karriereveg gjennom marknadsføring og ulike informasjonstiltak.

Hordaland fylkeskommune og fagskulestyret har som nemnt gjeve fråsegn om at ein ønskjer å behalda forvaltinga av fagskulane på det regionale nivået. I tillegg har det i lengre tid vert arbeidd med å redusere og styrka fagskuleeiningerne i Hordaland fylkeskommune.

#### **3. Institusjonsakkreditering**

- *Gjennomføre endringar i lov- og regelverk for å innføre institusjonsakkreditering etter bestemte kriteria for fagskulane. Ei slik godkjenning skal vere ein føresetnad for å kunne kalla seg akkreditert fagskule. Akkrediterte fagskular kan sjølv opprette utdanninger innan dei økonomiske ramma myndighetene set.*

##### Kommentar

Fagskulestyret bør vurdere om Fagskolane i Hordaland skal starte ein prosess med å søkje om fagområdegodkjenning.

#### **4. Styresamansetning**

- *Stille nasjonale og lovfesta krav til at alle offentlege fagskular skal ha fleirtal av eksterne representasjon i styra og eksterne styreleiar. Det bør settast krav til at dei private fagskulane skal ha eksterne representasjon i styrene, men ikkje krav til at det er fleirtall. Private fagskular som ønskjer å søkje offentleg finansiering, må ha eksternt fleirtal og eksterne styreleiar i tråd med reglane for offentlege fagskular.*

- *Stille lovfesta krav om at undervisningspersonell og studentar skal vere representert i styra for både offentlege og private fagskular.*

#### Kommentar

Fagskulestyra for dei fylkeskommunale fagskulane er svært ulikt samansett. Nokon har ekstern representasjon, medan andre berre har representasjon frå eigarsida. På NOKUT-konferansen vart dette nemnt som ei problemstilling, spesielt i høve til manglande representasjon frå eksterne i fagskulestyra. I høve til representantar i styret for tilsette og studentar frå fagskulane er dette ikkje eit lovfesta krav i dag. Tilsette og studentar skal ha møte og talerett i saker som vedkjem tilsette og studentar. I Hordaland fagskulestyre er tilsettrepresentant og studentrepresentant fullverdig styremedlem.

#### **5. Nasjonalt fagskoleråd**

- *Lysa ut oppdrag om ein ekstern evaluering av Nasjonalt fagskoleråd.*
- *Revidera mandat og samansetning av Nasjonalt fagskoleråd med det føremål at rådet kan ta eit større ansvar i å gjøre greie for arbeidslivets behov for fagskulekompetanse, og elles styrke rådets bidrag til politikkutviklinga på fagskulefeltet.*
- *Som eit ledd i revisjonen av mandatet til Nasjonalt fagskoleråd, be rådet opprette nasjonale fagråd som gjev råd i høve til dimensjonering av studietilbodet innanfor eige fagfelt, samt ha ein koordinerande rolle i høve til kvalitetsutvikling, det vil sei opptak og utvikling av anbefalte nasjonale studieplanar. Staten bør sikre at råda vert leia av leiande fagpersonar innanfor einskilde fagfelt.*

#### Kommentar

NIFU har fått i oppdrag å evaluere Nasjonalt fagskoleråd. Personar i både fylkesadministrasjonen ved Opplæringsavdelinga og Fagskolane i Hordaland har blitt intervjuet av NIFU som del av evalueringa. I høve til dimensjonering er det viktig at eventuelle fagråd som skal vurdere å gje innspel til kompetansebehov har ei svært god regional forankring. Eit sentralisert utval vil ikkje kunne ha inngående kjennskap til lokale og regionale kompetansebehov.

#### **6. Kompetanse og forsking**

- *Spissa kravet til godkjent undervisningspersonell slik at det inneheld fagkompetanse, relevant og oppdatert yrkeserfaring og pedagogisk/didaktisk kompetanse.*
- *Tilby yrkespedagogisk utdanning for undervisningspersonale ved fagskulane.*
- *Løyve midlar til å styrke kunnskapsgrunnlaget om fagskulen gjennom auka forskingsinnsats.*

#### Kommentar

Forskningsrådet har lyst ut forskningsmidlar (48 millionar) til innovasjonsprosjekt i utdanningssektoren. Programmet finansierer forskning og innovasjon innanfor følgjande temaområder:

- A. Læringsprosessar, vurderingsformer og læringsutbytte
- B. Praksis, profesjonsutøving og kompetanseutvikling
- C. Styring, leiing, organisering og resultatoppnåing
- D. Utdanning, samfunn og arbeidsliv

Les meir om utlysninga her:

<http://www.forskningsradet.no/no/Utlysning/FINNUT/1254015604100/p1173268235938?progId=1253990054239&visAktive=true>

#### **7. Finansiering**

- Samordne all finansiering av fagskular under ein finansieringsordning for fagskuler som vert gjort til eit statleg ansvar under Kunnskapsdepartementet.
- Sørgje for at ein ny finansieringsordning for fagskular byggjer på prinsippet om reell kostnadsdekning for fagskuleutdanning, og gjere ein grundig kartlegging av kostnadene knytt til drift og utvikling av forskjellige typar fagskuleutdanningar.
- Innfør ein finansieringsordning i tråd med utvalet sin «Kandidat-studentmodell med utviklingsmidlar». Systemet bør bestå av tre hovudelement: grunnfinansiering, resultatbasert finansiering og utviklingsmidlar. Systemet bør vere basert på differensierte kategoriar med tilhøyrande satsar.
- Tilføra fagskulesektoren nye friske midlar, gjennom ein finansieringsordning som gjev reell kostnadsdekning, og med friske utviklingsmidlar som bør utgjere om lag 15–20 prosent av budsjettet.
- Innfør ein eigen programkategori for fagskular i statsbudsjettet.
- Dimensjonere talet på studieplasser i sektoren gjennom etablering av ein opptaksramme og tildeling av studieplasser på bakgrunn av dokumenterte kompetansebehov og innspel frå Nasjonalt fagskoleråd og dei nasjonale fagråda. Dimensjoneringa bør verte definert som eit styringsvirkemedel for staten.
- Løyva ein del strategiske, og frie, studieplasser som fagskulane sjølv kan fordele eller nyta til oppretting av nye tilbod ved behov for å oppretthalde ein dynamikk i fagskuletilbodet.

#### Kommentar

I dag er det ulik finansiering av fagskulesektoren. Dei fylkeskommunale fagskulane vert finansiert gjennom rammeoverføringer til fylkeskommunen, utanom helsefagskulane som søker finansiering gjennom tilskotsordninga til Helsedirektoratet, saman med dei private tilbydarane. Dei private fagskulane (utanom helsefag) har studentfinansierte tilbod. Det kan vere fornuftig å samla finansieringa til ein instans for å sjå heile sektoren i samanheng.

I høve til ny finansieringsmodell er forslaget i NOU:14 støtta i høringsfråsegnna til Hordaland fylkeskommune og Hordaland fagskulestyre. Det er viktig at fagskulesektoren har fokus på styrking av finansieringa. Det er behov for meir midlar og ei meir hensiktmessig finansieringsordning enn i dag. Det vil også vere ein føremon at fagskulane får ein eigen post i statsbudsjettet.

#### **8. Fagskulane bør:**

- Auka si innsats for å synliggjere fagskulen som ein attraktiv karriereveg.
- Bidra aktivt i ein strukturprosess med det føremål å bygge meir robuste fagskular, både fagleg og administrativt.
- Bidra med kvalifisert fagpersonell for deltaking i dei føreslätte nasjonale fagråda.
- Utforme eit system for hospitering slik at fagskulelærarar kan få ny kompetanse og erfaring med relevant arbeidsliv.
- Leggje til rette for at undervisningspersonell får høve til å delta på yrkespedagogisk utdanning ved behov.

#### **9. Universitet og høgskular bør:**

- Gjere grundigare vurderingar om innpass av fagskuleutdanning i høgare utdanning basert på dei ulike utdanningane sine samla læringsutbytte.

#### **Konklusjon**

Det er viktig å fortsette å følgje opp tilrådingane i NOU:14 som kan bidra til å styrke fagskulesektoren og samtidig behalda fagskulane på det regionale nivået. Mellom anna bør fagskulestyret og Hordaland fylkeskommune fortsette arbeidet med å etablere større fagskuleeininger i høve til samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole. Fagskulestyret kan også gå i dialog med fagskulane i andre fylke på Vestlandet for å sjå på moglegheita for eit større samarbeid på tvers av fylkesgrensene. Det er etablert eit samarbeid mellom fagskulane på Austlandet, og det bør også etablerast eit liknande samarbeid på Vestlandet. Det er også mogleg å samarbeida med andre fagskulane på Vestlandet om ein

vestlandskonferanse i forkant av stortingsmeldinga for å kome fram til felles konkrete tiltak for ein framtidig styrka fagskulesektor.

Vidare er det viktig å «marknadsføre» overfor sentrale myndigheter det arbeidet som vert gjort i Hordaland i høve til å styrka fagskulen som skuleslag, og i høve til å levere viktig kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Basert på dei framheva tiltaka over som vert føreslått i NOU:14 bør Hordaland fagskulestyre og Hordaland fylkeskommune fokusera på følgjande tiltak fram mot, og etter, stortingsmeldinga for fagskulane:

Aktivitet	Omtale	Styret	HFK
Forsking	Vurdera om ein skal søkje forskningsrådet om midlar til forskings og innovasjonstiltak for Fagskolane i Hordaland.	X	
Marknadsføring/informasjonsarbeid	Fortsette arbeidet med marknadsføring i tillegg til å driva aktivt informasjonsarbeid mot sentrale myndigheter i høve til korleis ein arbeider med å styrka fagskulen i Hordaland.	X	X
Større og færre einingar	Fortsette arbeidet med å etablere større og færre einingar ved Fagskolane i Hordaland.	X	X
Fagområdegodkjenning	Vurdera om ein skal søkje fagområdegodkjenning innanfor eit aktuelt fagområde. Dette er kostnadskrevjande, og ein må vurdera behov for ekstra ressursar.	X	
Styresamansettning	Vurdera styresamansettninga i Hordaland fagskulestyre i høve til eksterne representantar.		X
Finansiering	Vurdera korleis ein ønskjer at framtidig finansiering skal vere, og fremje dette mot sentrale myndigheter.	X	X
Dimensjonering	Vurdera korleis ein ønskjer at fagskuletilboda skal dimensjoneras, og fremje dette mot sentrale myndigheter.	X	X
Overgangar mellom fagskule og høgskule	Styret bør vurdera korleis styret og Fagskolane i Hordaland kan ta eit initiativ for å få til fleire høvelege overgangsordningar mellom fagskulen og høgskulen.	X	
Samarbeid med andre regionar	Styret bør vurdera å gå i dialog med fagskular i andre fylke på Vestlandet i høve til meir samarbeid.	X	
Vestlandskonferanse	Vurdera å halda ein Vestlandskonferanse for fagskulesektoren i høve til NOU:14	X	



**Notat**

Dato: 02.03.2016  
Arkivsak: 2015/11453-30  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **Årsrapport 2015 - Utdanning for vaksne**

Årsrapport 2015 – Utdanning for vaksne er utarbeidd for fagområda fagskule og voksenopplæring i Hordaland fylkeskommune. Årsrapporten er meldt til dei politiske utvala i Hordaland fylkeskommune, og vert med dette også meldt fagskulestyret.

# Utdanning for vaksne

## Årsrapport 2015



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





# Føreord

2015 har vore eit år prega av fornying og utvikling både i vidaregåande utdanning for vaksne og i fagskulen.

Bergen tekniske fagskole har fått tidsmessige lokale i Haugeveien 28, tidlegare sjømannsskule og sosialhøgskule. Eit nytt fagskulestyre skal losa fagskulen vidare i eit krevjande farvatn. Vaksenopplæringssenteret for studiespesialiseringe fag på Bergen Katedralskole er på veg inn i renoverte lokale i tidlegare Bergen Handelsgym. Dette er første trinn i ein ny senterstruktur som samlar og styrker fagressursane i aktiviteten.

Opplæringstilboda er i utvikling. Den maritime fagskulen løfter fagtilbodet med nye simulatorar i toppklasse. Den tekniske fagskulen har lagt delar av fagtilbodet på nett og styrker dermed tilgangen til utdanninga. Vaksenopplæringa gjennomfører forsøk med nye vegar til fagbrev, der faktisk kompetanse, meir enn tradisjonell læretid, utløyser fagbrevet. Bodskapen om moglegheiter og tilbod når ut til hordalendingane gjennom eit utstrakt informasjonsarbeid på digitale og sosiale media og eit tett samarbeid med verksemndene i privat og offentleg sektor.

Arbeidet for vaksne i vidaregåande skule og for fagskule har gjeve fylkeskommunen resultat. Dei to skuleslaga la i 2015 ut meir enn 50 ulike fag. Hordaland er største fylket i landet både i talet på vaksne deltakarar i vidaregåande og i talet på studentar i den offentlege fagskulen.

Opplæring er samstundes eit dynamisk aktivitetsområde, der tilfredsstillande løysingar og driftsresultat går saman med nye krevjande utfordringar. Vaksenopplæringa har ein markant auke av vaksne minoritetsspråklege som etterspør vidaregåande utdanning. Mange av desse har svake kunnskapar i norsk. Språk og utdanning handlar også om integrasjon. Opplæringsavdelinga har alt eit omfattande norsktilbod til målgruppa, men må samstundes utvikla eit betre grenseesnitt med kommunane i arbeidet med introduksjonsprogram og grunnskuleopplæring. Medan teknisk og maritim fagskuleutdanning i Hordaland har svært god søknad, slit helsefagskulen med sviktande rekrutteringsgrunnlag. Dette gjer at det vert vanskeleg å drifta tilboda innanfor den økonomiske ramma til fagskulane. Fagskulestyret må dermed førebu større grep for å sikre ei berekraftig økonomi.

Opplæring av vaksne er eit område i rivande utvikling. Hordaland fylkeskommune må fortsatt vera i forkant i møte med nye utfordringar i opplæringa, - både som skuleeigar for å stimulera til utvikling for den einskilde, og som utviklingsaktør, der rett kompetanse er ein sentral drivar i arbeidet for regional utvikling.

Svein Heggheim  
oppæringsdirektør

Per-Willy Mørk Karlsen  
gruppeleiar vaksenopplæringa



# INNHOLD

---


<b>Føreord</b>	<b>1</b>
<b>Fagskolane i Hordaland</b>	<b>4</b>
<b>Vidaregåande utdanning for vaksne</b>	<b>6</b>
<b>Eit fantastisk bygg for læring</b>	<b>8</b>
<b>Styrer skipa frå 6. etasje</b>	<b>10</b>
<b>Vaksenopplæringa på plass i estetisk bygg</b>	<b>12</b>
<b>Spennande satsing på ny vaksenmodell</b>	<b>14</b>
<b>Kva er fagskule?</b>	<b>16</b>
<b>Kva er vaksenopplæring?</b>	<b>18</b>
<b>Kontaktinformasjon</b>	<b>20</b>

# Fagskolane i Hordaland

Fagskolane i Hordaland har tre fagskular med tilbod innan helsefag, maritime fag, tekniske fag og grøne og marine fag, med til saman meir enn 20 ulike fordjupingar innan dei ulike fagområda. Hordaland fylkeskommune er skuleeigar, medan Hordaland fagskulestyre er øvste styringsorgan for Fagskolane i Hordaland.

## Nøkkeltal 2015


- 1161 studentar hausten 2015
- Nedgang i studenttalet på 6% frå hausten 2014
- Ca. 7 % kvinner ved tekniske og maritime fag
- Ca. 9 % menn ved helsefaga



Figur 1: Studenttal fordelt på fagområde per 1. oktober 2015.

Fordelinga mellom fagområda (figur 1) ved Fagskolane i Hordaland syner at dei tekniske faga er størst i Hordaland. Dei tekniske faga består av mellom anna bygg og anlegg, petroleumsteknikk, maskinteknikk og elektro. Dei maritime faga utgjer 15 % av studenttalet ved Fagskolane i Hordaland, medan helsefaga utgjer 5 %. Grøne fag utgjer berre 1 % av fordelinga (Arboristutdanninga er det einaste grøne faget).

Figur 2 på neste side syner at tala på studentar ved Fagskolane i Hordaland har auka frå 2012 til 2014, medan det starta opp om lag 70 færre studentar hausten 2015 enn hausten 2014 (nedgang på 6 %).



Figur 2: Tal på studentar frå 2012 til 2015 etter teljetidspunktet 1. oktober kvart år.

## Nytt i 2015

### Nytt fagskulestyre

Etter fylkestingsvalet hausten 2015 vart samansetjinga av Hordaland fagskulestyre endra. Roald Kvamme vart valt som ny styreleiar, medan Alexander Fosse Andersen vart valt til nestleiar. Sistnemte var også medlem i styret i førre periode, saman med Aslaug Hellesøy. Rosalind Fosse og John Helge Gullaksen er nye medlemmer. Det er også ein studentrepresentant og ein tilsetterepresentant i fagskulestyret. Student Steffan Wetherell vart valt inn frå hausten 2015, medan Sjur Veim vart valt inn frå januar 2016, begge frå Bergen tekniske fagskole.

### Flytting av tekniske fagskole

Hausten 2015 flytta Bergen tekniske fagskole frå Strandgaten til nye lokale ved "Gamle Sjømannsskolen" i Haugeveien på Nordnes. Dei gamle lokalane i Strandgaten har lenge vore for små i høve til talet på studentar og tilsette som Bergen tekniske fagskole har. Dei nye lokalane gjev studentane gode kvalitetar som store fine auditoria, fleire grupperom og stor flott kantine.

### Ny bru-simulator

Vinteren 2015 fekk Bergen maritime fagskole ny fullskala bru-simulator. Dei maritime utdanningane er sertifikatsgjevande, og det er difor eit krav i høve til STCW-konvensjonen å ha simulatorutstyr til undervisninga.

### Ny felles heimeside


Vinteren 2015 lanserte dei tre fagskolane, Bergen tekniske fagskole, Hordaland helsefagskole og Bergen maritime fagskole, felles heimesider under Fagskolane i Hordaland. Heimesida er i same løysing som dei vidaregåande skulane nyttar, men med nokre tilpassingar. Sjå [www.hordaland.no/fagskole](http://www.hordaland.no/fagskole).

# Vidaregåande utdanning for vaksne

**Vidaregående opplæring for vaksne tilfører sårt tiltrengt kompetanse i dei ulike regionane i fylket. Tilbodet gjev også den einskilde vaksne høve til å fullføre vidaregåande utdanning og stå betre i arbeidsmarknaden.**

## Nøkkeltal for 2015

- 3049 kursplassar for vaksne totalt
- 1595 av desse var nye kursplassar, ei auke på 9,7% frå førra år
- 366 fekk opplæring gjennom ordninga full opplæring i bedrift
- Om lag 15 500 kontakta vaksenopplæringa, ein auke på 27 % frå året før



Figur 1: Tal på nye kursplassar dei fem siste åra.

Tala på nye kursplassar har auka med 27 prosentpoeng dei siste fem åra, frå 1221 nye kursplassar i 2011 til 1547 kursplassar i 2015. Særleg ser vi ei auke i minoritetsspråklege søkerar med behov og rett til vidaregåande opplæring.

## Stor fagbreidde

Nær halvparten av dei nye kursplassane i 2015 var innan studiespesialiserande fag. Innan yrkesfag vart det sett i gang kurs i 29 ulike programområde innan dei fleste utdanningsprogramma. For å auke breidda i fagtilbodet fekk vaksne i tillegg sjanse til å ta teoriutdanning i lag med lærlingar i 2015.

## Vaksne rekrutterar mest til helsefaga

Meir enn halvparten av dei yrkesfaglege kursplassane finn vi innan helse- og oppvekstfaga, der vaksne òg utgjer langt den største gruppa som rekrutterer faglærte til desse faga.

## Nytt i 2015

- Full opplæring innan elektrofaget
- Stor interesse for agronomstudiet
- VOPA-prosjekt innan akvakultur
- Nyoppussa senter (side 12)

### Full opplæring i elektrikarfaget

Full opplæring i elektrikarfaget er retta mot søkerar som ikkje har yrkeserfaring som fører fram til fagbrev. Det har vore stor søknings til faget som starta ved Årstad videregående skole hausten 2015. Utdanningsopplegget har tre dagar undervisning per veke i to år, og så to og eit halvt år læretid. Dette er eit tilbod som vi ser fleire vaksne ønskjer og som vil bli utvida i tida framover. Utdanninga har tradisjonelt vore tilpassa vaksne med erfaring frå eit yrke, medan full opplæring for vaksne utan yrkeserfaring har vore etterspurd i lang tid.

### Aukande interesse for agronomstudiet

I ei tid der færre ungdomar vel ei utdanning innan landbruket, aukar interessa frå dei vaksne. Mange overtek garden i vaksen alder, men manglar utdanning på fagfeltet. Godt då at Hordaland fylkeskommune har starta opp agronomutdanning på Stend vgs med helgesamlingar og innleveringar på nett.

Det første kullet med nettstudentar starta i 2011. Den gongen var det omrent ikkje fleire søkerar enn det var plassar. Til årets førsteklasse var det meir enn 50 søkerar. Hjeltnes vgs i Ulvik tilbyr gartnarutdanning, omrent etter den same oppskrifta som på Stend.

### Fagleg løft gjennom VOPA

Ved Aurdalslien bufelleskap har kvarldagen blitt litt betre etter at fire medarbeidarar tok fagbrev som helsefagarbeidar i 2015. To nye starta på løpet fram mot fagbrev, alt innan VOPA.-prosjektet.

-Vi ønskjer tilsette med fagutdanning i bufellesskapet, difor krev vi at alle ufaglærte tek utdanning. Det er viktig at fleire deltek slik at personalgruppa får eit samla løft, seier dagleg leiar Thor Erik Nilsen (bilete).

Han får støtte av fagansvarleg Therese-Karin Markusen som meiner kompetanseløftet har heva den faglege kvaliteten og auka tryggleiken for bebarane.

Vidaregåande opplæring på arbeidsplassen (VOPA) kombinerar jobb og utdanning i nært samarbeid mellom arbeidstakar, arbeidsgjevar og lærestad. Deltakarane jobbar for å oppfylle kompetanse mål framfor å fylle eit fast krav om timetal for å få godkjent praksis.

### VOPA innan akvakultur

I 2015 gjekk startskuddet for eit prosjekt innan akvakultur med vidaregåande opplæring på arbeidsplassen (VOPA). Målgruppa er tilsette i havbruksnæringa med minst eitt års relevant praksis, fem års generell yrkeserfaring og minimum 50 prosent stilling. Ved oppstart blir søkerane realkompetansevurdert og får ein personleg opplæringsplan som gjev grunnlaget for den einskilde si opplæring. Dei vil då veksla mellom teoriundervisning på skule og oppfølging av faglærar og instruktør på arbeidsplassen. Prosjektet gjev også etterutdanning til instruktørar for at heile fagområdet i verksemda skal få eit løft.

### VOPA i helsefaga

Modellen er prøvd ut innan helse- og oppvekstfaga sidan 2012 som del av eit nasjonalt forsøksprosjekt på opplæringstilbod tilpassa vaksne. I 2015 var det 48 deltakarar som fullførte VOPA med fagbrev fordelt på helsearbeidarfaget (29) og barne- og ungdomsarbeidarfaget (18). I tillegg blei 23 deltakarar realkompetansevurdert og fekk opplæring i dei læreplanmåla der dei mangla kompetanse.



VOPA-deltakar Jørn Svanevik, Therese-Karin Markusen, helsefagarbeidar Svein Kåre Takle og dagleg leiar Thor Erik Nilsen.

# Eit fantastisk bygg for læring

**Det skulle jo eigentleg berre mangle. At ikkje landets største tekniske fagskule kunne by studentane eit ekstraordinært flott skulebygg.**



Haugeveien 28 er den nye og ærverdige adressa for nær 900 studentar på Bergen tekniske fagskole.

Torbjørn Tvedt har eit breitt smil om munnen, der han viser oss rundt frå etasje til etasje. I eit bygg der den eldste delen vart reist frå 1902 til 1904, og der Riksantikvaren har gjort kort prosess og totalfreda alle fasadar.

- Men inni er det jo som skapt for å driva læring. Dei siste leigetakarane før oss har bygd meir og meir kontorplassar. Kontor som vi effektivt har rive, og ført Haugeveien 28 attende til å bli eit skulebygg med flotte klasserom og sjelfulle lesesalar, fortel ein tydeleg stolt rektor.

## Vart for lite

Enno er det mykje som står att. Men så har dei då også fått gjort ekstremt mykje på veldig kort tid.

- I fjar på denne tida sat vi kring eit bord med eigendomsfolka frå fylket og diskuterte moglege løysingar. I august flytta vi inn med nærmare 900 studentar. Her

snakkar ein verkeleg om at vegen har vorte til medan vi har gått, gliser Tvedt. Den saktegåande byråkratiske kverna som mange snakkar om, har han ikkje sett noko til.

Då sosialhøgskulen flytta ut for å bli ein del av det nye Høgskulesenteret på Kronstad og i Møllendalsveien, var det meiningsa at fagskulane Bergen tekniske og Bergen maritime skulle samlokalisera i det som på folkemunne berre går under namnet "Gamle Sjømannsskolen" på Nordnes. Men det tok ikkje lang tid før ein skjøna at lokala i Haugeveien 28 ikkje var store nok til formålet. Dermed vart heile planen lagt på is. Men for Tvedt opna det seg ein sjanse til å gå vidare på eiga hand.



Studentane arbeidar flittig i eitt av skulen sine flotte grupperom.

## Ville opp i høgda

- Du kan vel seie at eg dreiv litt lobbyverksemd både mot eigne tilsette, eige styre og fylkeskommunen. Det er ikkje til å underslå at vi ikkje nett hadde dei beste lokalitetane nede i Strandgaten 196. Drivkrafta for å kome opp i høgda - til eitærverdig og stilfullt gamalt skulebygg - var som du skjørnar stor. Og no er vi her. Blir ikkje så mykje betre enn dette.

Det er mest som ein ikkje heilt kan tru at alt har gått så greitt, når det trass alt er snakk om å flytta inn i eit bygg som er langt over hundre år gammalt. Har det ikkje vore utfordringar og problem av noko slag?

## Ein herleg miks

- Sjølv sagt har ikkje alt vore like enkelt. Men alle involverte har vore ekstremt løysingsorienterte. Vi slit med eit dårlig ventilasjonsanlegg i andre etasje. Det skal vi ta til sommaren. Å kvitta seg med lettveggar for å opna opp bygget innvendig var enkelt. Elektro- og it-biten var nok hakket verre. Her måtte det rett og slett leggjast nye kablar, fortel Tvedt.

Dei tjukke murveggane gjer også at det trådlause nettverket måtte leggjast opp frå rom til rom. Men alt fungerer heilt optimalt.

- Vi har vore flinke med gjenbruk av utstyr frå dei gamle lokalitetane våre. Det ser du eit godt døme på

i auditoriet, seier Tvedt, før han opnar nok eit fantastisk rom, der den nye og den gamle tida er knytt saman som det mest naturlege i verda. Ingen tvil om at Haugeveien 28 har mange gode år att som ein framifrå læringsarena.

*Tekst og foto: Vidar Alfarnes*



Den gamle sjømannsskulen har sjølv sagt eige styrerom i toppetasjen.

# Styrer skipa frå 6. etasje

**Dei veit ikkje kva som ventar av bølgjer og trafikale utfordringar. Heller ikkje om det er den engelske kanalen, Singapore-stredet, Mongstad eller hamna i Rotterdam som dukkar opp på skjermane.**



Ole Jørgen Nygård Pedersen på veg inn i hamneområdet i Bergen.

Velkommen til ei verd som er virtuell og levande på same tid. Og som gjev studentane solid fartstid som navigatørar. Sjølv om alt skjer frå toppetasjen på Bergen maritime fagskule. Geografisk plassert rett attmed travel bil-, buss- og bybanetrafikk. Men likevel så naturtru og autentisk, at ein aldri tenkjer anna enn at dette er havet. Og at det berre er du som kan få dette skipet til kai på skikkeleg vis.

## Heilt identisk

I halvtanna år har Håkon Sunde (21) frå Bergen og Ole Jørgen Nygård Pedersen (22) frå Sotra vore studentar på nautikk-lina til Bergen maritime. Kvar einaste veke har dei vore minst ein tur i simulatoren. Og etter nyttår har det vore ekstra kjekt.

- Vi har nett fått på plass flunkande nytt utstyr. Heilt identisk med det som vi seinare kjem til å bruke i jobbane våre. Klart dette er gull verd for oss, seier dei to stødige karane.

## Har vore ute i to år

Som til liks med klassekameratane alt har vore to år til sjøs. Håkon gjekk kadett-tida si om bord på ankerhandteringsparty i reiarlaget Solstad, medan Ole Jørgen var innom fire ulike bøyelastarar i Tiki.

- Sjølv om tidene i offshore-næringa har endra seg til det verre etter at vi starta på skulen, både håpar og trur vi at det vil bli jobb til oss når vi går ut herifrå til sommaren.

Om alt det nye navigasjonsutstyret på skulen, er begge fulle av lovord.

- Du kan ikkje få det meir realistisk enn dette, slår studentane fast.

## Lagar situasjonane


På eit rom rett attmed sit Per Aasmundseth. Han avgjer korleis skjermane til Håkon og Ole Jørgen skal sjå ut.

- Her kan eg leggje inn karta og farvatna eg ønskjer dei skal trenre i. Eg kan med svært enkle grep lage dei bølgjehøgdene og skapa den sikten eg vil at



Med det nye utstyret på plass har ein i tillegg til dei fire bruene, også 14 individuelle arbeidsstasjonar knytt opp mot ein stor navigasjonssimulator.

studentane skal oppleve frå styrehuset. Herifrå styrer eg også kor mykje anna trafikk dei må ta omsyn til, fortel instruktøren. Som sjølv har solid fartstid både som ubåtkaptein og med ferjedrift til og frå Tysnes og Austevoll. Men dei siste åtte åra er det studentane på Bergen maritime fagskule som har fått glede av å jobbe tett saman med den røynde sjømannen frå Østfold.



Simulator-instruktør Per Aasmundseth styrer vær, vind og destinasjonshamn frå sin eigen arbeidsstasjon.

- Veldig kjekt å få jobba med flotte folk og supermoderne utstyr.

## Kan gå heile vegen

Han likar jobben veldig godt.

- Eg har stort sett berre med vaksne, flinke og motiverte studentar å gjera. At vi no kan tilby dei det aller beste av simulatorar for maritime operasjonar, gjer sjølvsagt arbeidsdagen komplett. Og undervisinga både enklare og betre. Vi har no fire skipsbruer, ein stor navigasjonssimulator med 14 stasjonar, og eit rom der vi kan gjennomføre briefing og debriefing. I tillegg har vi fått betre funksjonalitet på utstyret. Til dømes har vi satellitt-kommunikasjon. Alt for at det skal bli så likt som mogleg den kvar dagen som ventar desse potensielt framtidige kapteinane. Etter at dei er ferdige her hos oss, er det berre fartstid og ambisjonar som avgjør om dei får det heile og fulle ansvaret på verdshava, seier Aasmundseth.

Utstyret er levert av Kongsberg Maritime, og skulen har mest eit identisk simulatoropplegg for studentane som tek utdanninga si på Austevoll.

Tekst og foto: Vidar Alfarnes

# Vaksenopplæringa på plass i estetisk bygg

Dei kunne vel knapt fått ein flottare julepresang. I desember 2015 var flyttelasset på plass, og på nyåret starta vaksenopplæringa på ny frisk i ærverdige og renoverte lokale til det som tidlegare var Bergen Handelsgymnasium.



– Har det ikkje vorte fint, meir stadfestar enn spør Ragnhild Aak Skajaa og Øyvind Eliassen, fotografert framfor det gamle og verneverdige inngangspartiet til Bergen Handelsgymnasium.

– Det skal bli godt å lande. Etter at vi har vore litt på vandring dei siste åra, ser alle fram til å få fast tilhaldsstad i Kalfarveien 2. Dette kjem til å gje oss eit løft, forsikrar avdelingsleiar Øyvind Eliassen.

Vi sit og pratar saman på det nye lunsjrommet for lærarar og administrasjon. Det er ljost og triveleg, og ikkje minst høgt under taket. Slik det gjerne er når sjølve huskroppen er 111 år gammal.

## Eføyen forsvann

Ragnhild Aak Skajaa frå eigedomsavdelinga til Hordaland fylke er også innom. Slik ho har vore mange, mange gonger i 2015. I dag skal ho berre dobbelt-sjekke om eit bilet passar inn der ho hadde planlagt.

– Det ser bra ut. Då får vi ta det med til innramming, smiler ei som etter eige utsegn fekk rimeleg mykje

pepar frå «halve byen og heile Sandviken» då den vidgjetne eføyen vart fjerna langs veggane på det gamle stasbygget. No er det i staden kome gulmaling over heile fasaden.

– Eg trur det må vere det ein populært kalla skulegul. Fint har det iallfall vorte. Men om eføyen måtte vike, så har eg teke vare på ein del gamle antikvitetar som eg trur vil passe godt inn i den nye kvardagen. Vaksenelevane kjem iallfall til ein skule med sjel og historie i veggane, forsikrar prosjektleiaren frå eigedomsavdelinga.

## Trongt frå oppstart

Overgangen frå 2015 til 2016 markerer også ei ny



4. januar var det på ny duka for undervising i skulen fra 1904. Denne gongen med vaksenelevar bak pultane.

organisering av vaksenopplæringa i fylket, med fem ulike senter i Hordaland. Dei som flyttar inn nedst i Kalfaret kjem frå eit opphold på Tanks, men utgjer Senter for vaksenopplæring ved Bergen Katedralskole, der Bjørn Kristian Jæger er rektor.

– Vi har ansvar for studiespesialiserande fag for kommunane Bergen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Masfjorden, Austrheim, Fedje, Fusa, Modalen, Samnanger og Os. Med undervising både på dag- og kveldstid har vi plass til kring 500 elevar i dei nye og flotte lokala. Problemets er at vi truleg har trong for mest dobbelt så mange. Vaksenelevar har sterke rettar, og vi er nok avhengig av at fylkeskommunen rimeleg kjapt finn «satellitt-skular» som kan hjelpe oss, seier Jæger.

## To gonger i året

Tidlegare har katedralskulen tatt inn vaksne elevar ein gong årleg. No blir det inntak i januar og august. Øyvind Eliassen ser fram til skulestart på nyåret.  
– Vaksenelevar er ei svært så ueinsarta gruppe. Dei kjem til skulebenken med eit levd liv, på godt og vondt. Dei har ofte dårlig tid, og mykje dei skal rekke over. Men motivasjonen er alltid god, og eg både håpar og trur at dei vil finne rikeleg med både inspirasjon og arbeidsro i desse flotte lokala, seier avdelingsleiaren.

*Tekst og foto: Vidar Alfarnes*

### Fem store vaksenopplæringssenter

5 større vaksenopplæringssenter skal erstatte dei 9 vaksenopplæringssentra som finst i dag i løpet av 2016. Meininga er å samle familjøa for å utvikle betre tilbod for vaksne som treng vidaregående opplæring. Dei nye vaksenopplæringssentra blir lagt til desse skulane:

- Bergen katedralskole
- Sotra vidaregående skule
- Stord vidaregående skule
- Voss vidaregående skule
- Åsane videregående skole

# Spennande satsing på ny vaksenmodell

**Det er mange vaksne som aldri kjem i posisjon til ei utdanning dei svært gjerne kunne tenkt seg. Ofte har dei valt feil i ungdomen, eller så manglar dei tilstrekkeleg arbeidserfaring til å kunne ta fagbrev som praksiskandidatar. På Årstad får dei no ein ny sjanse.**



Gjengen samla framfor båsane. Bak frå v, lærer Jan Rørbakken, Sherif Bucaj, Henok Ghebreulul Gherezgher, Edmond Bardhaj, Kamiran Naasan Naasan, Toni Marie Anderson og Muhamad Nasar. Framme frå v, Daniel Bokurezion Gebremaryam, Even Olsen, Tony Barbala Andreassen, Kristoffer Lines Halvari, Anday Berhe, Lloyd Gimena Jericho Principe og Svein Robin Ramsdal.

- Vi har fått løyve til å starte opp eit heilt nytt konsept innan elektro. Vaksenstudentane går først to år på skule. Sidan ventar to og eit halvt år i lære, nett slik vanlege elevar på yrkesskulane får sine fagbrev. Opplegget liknar nok likevel meir på eit høgskulestudium, røper Eva Stene Kolstad som leiar vaksenopplæringsenteret ved skulen.
- Elevane våre er vaksne og særstakt motiverte og treng derfor ei struktur og ei tilpassa pedagogisk tilnærming på opplæringa.

I utgangspunktet var det lagt opp til tre undervisingsdagar i veka. På grunn av ein litt sein start på skuleåret, har studentane no berre ein fridag i veka. Utan at det på nokon måte går utover innsats og motivasjon. Her er det snarare mange som tykkjer dei har vore særstakt heldige. Ein av dei er Anday Berhe. Han kikkar på koblingsskjema saman med einaste

kvinnelege innslag i klassen, Toni Marie Anderson. Saman prøver dei etter beste evne å få teori omgjort til praksis. Anday jobbar konsentrert og effektivt. Med eit stort smil om munnen.

- Eg kjem som tre andre i klassen frå Eritrea. Har budd to og eit halvt år i Noreg. Først på eit mottak i Oslo, før turen gjekk via eit opphold i nord, til ei ny endeleg adresse i Bergen.

## Godt liv i Bergen

- Her likar eg meg veldig bra. Har meldt meg inn i Røde Kors, og er med på mange kjekke arrangement. Vi hjelper eldre og uføre med julebord og 17. mai-feiring. Eg har også vore med på hytteturar, fortel ein som i tillegg har sikra seg jobb på Fantoft omsorgssenter. Annakvar helg.



Anday Berhe har funne seg svært godt til rette i Bergen. 25-åringen fra Eritrea ser fram til eit vaksenliv som elektrikar i Noreg.

- Eg likar å jobbe med gamle, og i tillegg får eg god trening i å snakke norsk, forklarar den blide elektrofag-studenten.

### Kanskje betre skodd

Lærar Jan Rørbakken er på plass i verkstaden heile dagen. Han følgjer studentane frå litt avstand, der dei arbeidar med si fjerde lab-oppgåve. Mot slutten av dagen tek han ein runde i alle båsane og vurderer sluttresultatet.

- Eg er imponert over kva dei får til. Kjenner meg rimeleg trygg på at dei verksemndene som får folk frå denne gjengen som lærlingar, vil ha stor glede og nytte av dei. Med bakgrunn frå ulike land og kulturar, trur eg kanskje at vaksenstudentane våre vil passe ekstra godt inn i den nye, internasjonaliserte kvardagen, når dei er ferdig utdanna elektrikarar.



Kamiran Naasan Naasan er så glad for at Eva Stene Kolstad fiksa skuleplass til han.

Vaksenopplæringa er for dei som av ulike grunnar ikkje har lukkast i å få ein formell yrkeskompetanse. Vi ser folk som er motiverte for å ta ei vaksenutdanning, men som diverre ikkje får innpass med dei køyrereglane vi må halde oss til, seier Eva Stene Kolstad.

Som ein skjønar skulle fagleiaren på Årstad gjerne ha hjelpt fleire til ei meiningsfull opplæring. Samstundes er ho særslig glad for pilotprosjektet som skulen no tilbyr.

- Håpar du kjem attende og intervjuar meg om knappe fire år. Då skal eg fortelje deg korleis det er å vere ferdig utdanna elektrikar, smiler Anday Berhe.

Tekst & foto: Vidar Alfarnes

# Kva er fagskule?



Student ved Bergen tekniske fagskole som arbeider med 3-D printar.

## Skuleslaget

Fagskule er yrkesretta utdanning på tertært nivå som byggjer på fullført vidaregående utdanning, eller realkompetansevurdering. Med yrkesretting meiner ein mellom anna at utdanningane skal vere retta mot konkrete kompetansebehov i arbeidslivet. Fagskulane skal ha eit nært samarbeid med relevant næringsliv, både i høve til utvikling av nye tilbod og vidareutvikling av eksisterande tilbod.

Det er totalt 100 fagskulane i Norge, 44 offentlege og 56 private. Dei private fagskulane har større utval av utdanningar enn dei offentlege fagskulane. Dei offentlege fagskulane har tilbod som hovudsakleg er konsentrert innan *tekniske fag, helse- og sosialfag og samferdsels-, tryggleik- og servicefag*. Heile 86 prosent av dei offentlege fagskuleutdanningane er innanfor desse tre fagområda. Den tilsvarande andelen for dei private er 50 prosent. Innanfor *humanistiske og estetiske og økonomiske-administrative fag* er det private tilboden dominante. Dei to einaste fagskuletilboda innan pedagogiske fag er også private (Kjelde: Tilstandsrapport, Fagskoler 2014; Kunnskapsdepartementet).

Det er relativt stor variasjon i alder blant fagskulestudentane, halvparten er under 30 år og ein fjerdedel er over 36 år. Såleis kan ein sei at fagskuleutdanning både er attraktivt som fyrstegangsutdanning og som vidareutdanning seinare i livet (Kjelde: Tilstandsrapport, Fagskoler 2014; Kunnskapsdepartementet).

## Fagskulelova

Fagskulane er underlagt fagskulelova og Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) er tilsynsorgan for fagskulane og fagskuleutdanningar, slik som ved høgskular og universitet. I høve fagskulelova skal fagskulane ha eit styre som øvste styringsorgan.

Fylkeskommunane fekk forvaltningsansvar for fagskulesektoren i 2010, og fagskulelova seier at fylkeskommunane har ansvar for at det vert tilbydd relevant fagskuleutdanning i høve til lokalt, nasjonalt og regionalt kompetansebehov.

Fylkeskommunane har også ansvar for å gje tilskot til offentlege og private fagskulane som søker om tilskot til utdanningar innan helse- og sosialfag. Dette er ei ordning som er etablert under Helsedirektoratet, medan fylkeskommunane har fått delegert tilskotsmynde.

## Fagskule og eigarskap

12. desember 2014 leverte eit fagskuleutval leia av Jan Grund og sett ned av regjeringa, ein NOU om fagskulane, NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg. I NOUen vart det fremja til saman 49 forslag til tiltak som rettar seg mot myndigheiter, fagskulane og næringslivet. Mellom anna fremja NOUen statleg eigarskap av fagskulane og endring i finansieringsmodellen for fagskulane. Hordaland fylkeskommune og dei fleste andre fylkeskommunar ønskjer å behalda eigarskapet til fagskulane. Dette mellom anna fordi skuleslaget er viktig for kompetansehevinga i regionen og vert sett i sammenheng med regionalt utviklingsarbeid.

## Fagskolane i Hordaland

Hordaland fylkeskommune sine tre fagskulane er samla under eitt styre, og vert marknadsført som Fagskolane i Hordaland. Dei tre fagskulane er: Bergen maritime fagskole, Bergen tekniske fagskole og Hordaland helsefagskole. Fagskolane i Hordaland har tilbod innan helsefag, tekniske- og maritime fag, og leverar viktig kompetanseheving både regionalt og nasjonalt. Fagskuletilboden er soleis sentralisert til tre einingar, men tilboden er desentralisert. Fagskolane i Hordaland har studiestader fleire stader i fylket, til dømes på Voss, Stord, Austevoll og Hjeltnes.

# Kva er vaksenopplæring?



Vaksne får opplæring i helsearbeidarfaget ved Sotra vidaregående skule, avdeling Sund

## Omgrepsavklaring

Vaksenopplæring er ikkje eit eintydig omgrep, og vert nytta i ulike samanhengar som til dømes om opplæring i utdanningssystemet, i arbeidslivet, i studieforbund og i det sivile samfunnet sine mange ulike typar lag og organisasjonar. I tillegg vert omgrepet nytta om opplæring i både grunn- og vidaregåande skule. I denne samanhengen betyr vaksenopplæring vidaregåande opplæring for vaksne som fører til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse og er regulert av Opplæringslova kapittel 4-A.

## Omfang

Om lag 22 000 vaksne deltek årleg i vidaregåande opplæring nasjonalt (VOX 2015) På landsbasis tilsvrar dette 11 prosent av alle som får vidaregåande opplæring. Hordaland er det fylket med flest vaksne i vidaregåande opplæring. Nasjonalt var utdanningsetterspurnaden fordelt med 19% studieførebuande fag, 34% innan helse- og oppvekstfag, samt 47% andre yrkesfag. I Hordaland er tala for 2015 høvesvis 47% studieførebuande, 30% innan helse- og oppvekstfag, samt 23% andre yrkesfag.

## Behov

Tal frå SSB i 2014 syner at det nasjonalt er over 430 000 nordmenn i alderen 20-49 år som berre har grunnskule som høgaste utdanning. Tala for Horda-

land er i underkant av 39 000. Berekningar frå SSB syner at Noreg i 2030 vil mangla 171 000 med kompetanse på vidaregåande nivå i arbeidslivet<sup>1</sup>. Eksempelvis vil det i 2030 mangla 40 000 helsefagarbeidarar. Dette faget har låg rekruttering og fullføring blant dei unge, medan det er eit av dei største faga innan vaksenopplæringa. I rapporten Helsefagarbeidarutdanning for voksne (2010) skriv Håkon Høst at med dagens fråfall og ungdomsrekruttering, må heile 85-90 % av rekrutteringa skje via vaksne for å nå dagens rekrutteringsmål.

## Historikk

Innføringa av vaksne sin rett til vidaregåande opplæring vart føreslege i St.meld. nr. 42 (1997–98) Kompetansereformen, og innebar ei styrking av tilbodet til vaksne i vidaregåande opplæring. Bakgrunnen for reforma var blant anna høg arbeidsløyse, mange vaksne med manglande formell utdanning, samt eit auka krav om dokumentert utdanning for å koma inn på arbeidsmarknaden.

Reforma innebar for det første at vaksne fikk ein eigen sjølvstendig rett til vidaregåande opplæring, vaksenretten. For det andre innebar reforma innføring av realkompetansevurdering som ei fast ordning i

<sup>1</sup> [http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/200990?\\_ts=14909943420](http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/_attachment/200990?_ts=14909943420)

fylkeskommunane. Og for det tredje vart det opna opp for meir fleksible opplæringsmodellar enn tidlegare. Desse ville kunne erstatte meir standardiserte opplæringsløp, noko som i sin tur kunne føre til at utdanningstida vart forkorta (Haust 2009).

## Vaksenretten

Rett til vidaregåande opplæring for vaksne vart innført i 2000 og er ein individuell rett som er heimla i opplæringslova § 4A-3. Rett til vidaregåande opplæring for vaksne. Vaksenretten gjeld for dei som har fullført grunnskulen (eller tilsvarande), ikkje har fullført vidaregåande skule tidlegare og er minst 25 år det året ein søker. I tillegg gjeld retten i det fylket ein er folkeregistrert, samt at ein må ha opphaldsløyve i landet. Fylkeskommunen er også pliktig til å gje tilbod om vidaregåande utdanning til vaksne utan rett, utan at lovverket spesifiserer storleiken på dette tilbodet. Hordaland fylkeskommune gjev årleg vaksenopplæringstilbod til om lag 30 % utan rett.

## Organisering

Dei aller fleste fylkeskommunane organiserer opplæringa i tilknyting til sine eigne vidaregåande skular. Hordaland fylkeskommune har bygd opp vaksenopplæringssenter på sentrale skular i fylket for å styrkja og byggja opp familjøa og den vaksen-pedagogiske kompetansen for eigne tilsette og soleis nytta allereie eksisterande ressursar.

## Undervisning

Undervisninga er komprimert og byggjer på det den vaksne kan få fra før. Dei vaksne har ulik bakgrunn, så undervisninga varierer fra 1-3 dagar i veka, helgesamlingar, opplæring i bedrift, samt kortare eksamensretta undervisning. I den seinare tid er det stadig fleire søkerar utan relevant arbeidserfaring, og fylkeskommunen utvidar difor stadig undervisningsportefølja slik at ein kan få undervisning i heile skuleløpet.

## Framover

Behovet for at fleire vaksne skal gjennomføra vidaregåande utdanning er aukande. Endringane i arbeidsmarknaden, til dømes i dei offshore-relaterte bransjane, vil også medføre at fleire ønskjer å fullføre utdanninga, eller har ønskje om ei annan utdanning. Auka tal på asylsøkerar til landet vil også påverke vaksenopplæringstilbodet.

Kunnskapsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet og Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet jobbar no med stortingsmeldinga Livslang læring og utenforskap der eitt av måla er å setje fokus på vaksne si læring og ei felles innsats for auka kompetanse. Eitt av punkta i denne stortingsmeldinga vil vere å tette gapet mellom ungdomsretten og vaksenretten, noko som betyr at ein ikke må vente til ein er 25 år før ein får vaksenrett. Dette vil kunne bety at målgruppa for vaksenopplæringa vil verte større og ha andre ønskjer og føreseiningar enn tidlegare.

# Kontaktinformasjon

## Senter for vaksenopplæring

Bergen katedralskole tlf. 57 30 67 00

Knarvik vidaregåande skule tlf. 56 35 54 00

Kvinnherad vidaregåande skule tlf. 53 47 57 00

Lønborg videregående skole tlf. 55 25 49 00

Odda vidaregåande skule tlf. 53 64 96 00

Stord vidaregåande skule tlf. 53 45 20 00

Voss vidaregåande skule tlf. 56 53 22 00

Årstad videregående skole tlf. 57 30 60 00

Åsane videregående skole tlf. 55 95 69 00

## Fagskolane i Hordaland

Bergen maritime fagskole tlf. 55 33 75 00

Bergen tekniske fagskole tlf. 57 30 70 00

Hordaland helsefagskole tlf. 56 58 09 00

## Vaksenopplæringsgruppa på fylkesbygget

Fagskuleutdanning tlf. 55 23 92 30

Vaksenopplæring tlf. 55 23 92 30

Opplæring innan kriminalomsorga tlf. 55 23 90 71

Teoriopplæring for lærlingar tlf. 55 23 92 30

## Nettsider

Vaksenopplæringsa: [www.hordaland.no/vo](http://www.hordaland.no/vo)

Fagskulen: [www.hordaland.no/fagskole](http://www.hordaland.no/fagskole)

## Facebook

Vaksenopplæringsa: [www.facebook.com/voksenopplaering](https://www.facebook.com/voksenopplaering)

Fagskulen: <https://www.facebook.com/fagskole>



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskapning, næringsutvikling, fritidsopplevelingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Tel: 55 23 90 00  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Februar 2016. Opplæringsavdelinga.



## Notat

Dato: 01.03.2016  
Arkivsak: 2015/11453-29  
Saksbehandlar: adelan

---

Til: Hordaland fagskulestyre

---

Frå: Fylkesdirektør opplæring

---

### Fagskolane i Hordaland - kvalitetsmål og utviklingsplanar for skuleåret 2015/16

26.11.2015 vedtok fagskulestyret følgjande:

#### Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek kvalitetsmeldinga til etterretning.
2. Følgjande kvalitetsmål vert vedteke for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2015/16:
  - Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:
    - redusere fråfallet mellom første og andre semester
    - utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljø.
3. Fagskulestyret ber om at skulane også utarbeider eigne kvalitetsmål for den einskilde fagskule for skuleåret 2015/16, og legg dei fram for styret 26. januar 2016.
4. Basert på dei overordna kvalitetsmåla for Fagskolane i Hordaland og dei einskilde kvalitetsmåla ber fagskulestyret skulane om å utarbeide ein utviklingsplan for korleis dei skal nå måla. Utviklingsplanen skal også leggjast fram for styret 26. januar 2016.

På grunn av juleferie og ny semesterstart i januar 2016 vart det noko knapp tid til å levera eigne kvalitetsmål og utviklingsplan til styremøtet 26.01.2016. Fagskulane har no levert eigne kvalitetsmål og utviklingsplanar som ein kan lesa frå neste side.

# Kvalitetsmål Bergen maritime fagskole - skoleåret 2015-16

---

## **Kvalitetsmål for fagskolene i Hordaland:**

Fagskolene i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:

- Redusere frafallet mellom første og andre semester.
- Utvikle et positivt og godt læringsmiljø med en gjennomsnittsverdi som ikke er lavere enn 4,5.

## **Kvalitetsmål for Bergen maritime fagskole:**

- Arbeide aktivt for å få til et godt samarbeid med næringslivet
- Etablere/videreutvikle samarbeid med andre maritime og petroleumstekniske fagskoler

Maritim fagskole					
Mål	Tiltak	Resultatmål/ kjenneteikn			
Redusere antall studenter som ikke fullfører utdanningen	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Innføre ekstra undervisning i realfag</li> <li>b) Klargjøre skolens forventninger til hvor mye tid studentene bør bruke på skolearbeid.</li> <li>c) Følge studentene tett opp ved stort fravær.</li> <li>d) Følge studentene tett opp ved fare for lav måloppnåelse.</li> <li>e) Fravær skal være fast agendapunkt i klasselærerråd.</li> </ul>	<p>a)Færre studenter stryker i realfag.</p> <p>Færre studenter avbryter utdanningen før tiden.</p>			
Utvikle et positivt og godt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Lage et dokument som beskriver <i>En god klassens time</i>.</li> <li>b) Lage et dokument som beskriver <i>Den gode undervisningsøkt</i>.</li> </ul>	Bedre resultat på Studentundersøkelsen på dette punktet.			
Bedre samarbeidet med næringen	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Gjennomføre jevnlige møter med næringen.</li> <li>b) Lage intensjonsavtaler/samarbeidsavtaler med næringen.</li> <li>c) Invitere bedrifter til å holde foredrag på skolen.</li> <li>d) Oppfordre og legge til rette for at faglærerne hospiterer i aktuelle bedrifter.</li> </ul>	Intensjons/samarbeidsavtaler er formalisert. Bedrifter holder foredrag på skolen. Faglærere hospiterer i bedrifter.			
Videreforske samarbeid med andre maritime fagskoler	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Delta på årlig lærerkonferanse for alle de maritime fagskolene</li> <li>b) Følge opp nye felles rutiner for eksamsproduksjon</li> <li>c) Delta på felles eksamenssamlinger for lærere</li> <li>d) Delta på rektorsamlinger for de maritime fagskolene</li> </ul>	Alle lærere deltar på lærerkonferansen. Alle lærer følger rutinene for eksamsproduksjon og deltar på eksamenssamlingene. Rektor deltar på rektorsamlingene.			

Petroleumsteknisk fagskole					
Mål	Tiltak	Resultatmål/ kjenneteikn			
Redusere antall studenter som ikke fullfører utdanningen	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Innføre ekstra undervisning i realfag</li> <li>b) Klargjøre skolens forventninger til hvor mye tid studentene bruker på skolearbeid.</li> <li>c) Følge studentene tett opp ved stort fravær.</li> <li>d) Følge studentene tett opp ved fare for lav måloppnåelse.</li> <li>e) Fravær skal være fast agendapunkt i klasselærerråd.</li> </ul>	<p>a)Færre studenter stryker i realfag.</p> <p>Færre studenter avbryter utdanningen før tiden.</p>			
Utvikle et positivt og godt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Lage et dokument som beskriver <i>En god klassens time</i>.</li> <li>b) Lage et dokument som beskriver <i>Den gode undervisningsøkt</i>.</li> </ul>	Bedre resultat på Studentundersøkelsen på dette punktet.			
Bedre samarbeidet med næringen	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Gjennomføre jevnlige dialogmøter med næringen.</li> <li>b) Lage intensjonsavtaler/samarbeidsavtaler med næringen.</li> <li>c) Invitere bedrifter til å holde foredrag på skolen.</li> <li>d) Oppfordre og legge til rette for at faglærerne hospiterer i aktuelle bedrifter</li> </ul>	<p>Intensjons/samarbeidsavtaler er formalisert.</p> <p>Bedrifter holder foredrag på skolen.</p> <p>Faglærere hospiterer i bedrifter.</p>			
Etablere formelt samarbeid med andre petroleumstekniske fagskoler	Etablere SBB (Samarbeidsutvalg for boring og brønnopplæring) som et formelt samarbeidsorgan for alle petroleumstekniske fagskoler.	SBB er etablert som et formelt organ.			



**HORDALAND HELSEFAGSKOLE**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# UTVIKLINGSPLAN

2016-2017  
FOR HORDALAND HELSEFAGSKOLE



Postboks 113 5649 Eikelandssosen - Telefon 56 58 09 00 Telefaks 56 58 09 01  
E-post: [helsefagskole@hfk.no](mailto:helsefagskole@hfk.no) Internettseite: <http://skole.hfk.no/fagskole>

# PLATTFORM

**Studentreglementet for Fagskolane i Hordaland er felles plattform for vårt verdigrunnlag og kva rettar og plikter fagskolestudentane har.**

## Fagskolane i Hordaland byggjer sin aktivitet på følgjande verdiar:

Ved fagskulane vert studentane handsama med respekt og alle studentar har ansvar for medverknad til læringsprosessen. Vi har eit læringsmiljø som skapar samhald og best mogleg tryggleik for studentane gjennom eigen aktivisering i ein variert læringsprosess. Studentar vert motivert til å ta ansvar for eiga læring og får utvikla sine kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse gjennom teoretisk og praktisk arbeid i eit miljø der lærarar legg til rette og rettleiar i prosessen.

Personar som er tekne opp som studentar ved Fagskolane i Hordaland pliktar å følgje retningslinene som er nedfelt i dette dokumentet. Studenten har generelle **rettar og pliktar**, og dette kan samanfattast som følgjer:

Studenten har rett til opplæring, rettleiing og hjelp som samsvarar med dei reglar som til ei kvar tid gjeld for fagskulen. Studenten skal haldast orientert om meldingar og vedtekter etc. som leiinga ved fagskulen gir. Studentrådet har rett til å uttale seg på vegner av studentane i alle saker som gjeld reglement og liknande for studentane som gruppe. Studenten må rette seg etter dei vedtekter, reglement og instruksar som er fastsett ved fagskulen. Studentar som er tatt opp ved utdanningstilbod som krev eigenbetaling må halde betalingsfristar og skaffe seg det undervisnings-materiell og lærebøker som opplæringa krev (og som fagskulen ikkje held.) Studenten må møte presis til opplæringa og delta aktivt i all opplæring i den form den blir gitt, i eller utanfor skulene sine lokale. Studenten må gjennomføra den årlege studentundersøkinga som er ein del av fagskulane sitt kvalitetssikringssystem.

**Desse verdiene, rettane og pliktene er grunnlaget  
for det faglege og pedagogiske arbeidet vårt.**

Oppdrag frå Fagskulestyret: Vedtak i samband med Kvalitetsmeldinga 2014/15 26.11.2015

.....

- 2) Følgjande kvalitetsmål vert vedteke for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2015/16:  
Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:
  - o redusere fråfallet mellom første og andre semester
  - o utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljø.
- 3) Fagskulestyret ber om at skulane også utarbeider eigne kvalitetsmål for den einskilde fagskule for skuleåret 2015/16, og legg dei fram for styret 26. januar 2016.
- 4) Basert på dei overordna kvalitetsmåla for Fagskolane i Hordaland og dei einskilde kvalitetsmåla ber fagskulestyret skulane om å utarbeide ein utviklingsplan for korleis dei skal nå måla. Utviklingsplanen skal også leggjast fram for styret 26. januar 2016.

Den økonomiske situasjonen ved Helsefagskolen har også vore tema i fagskulestyret, seinast i sak 26.11.15 og ved vedtak av marknadsføringsplan 26.01.016. I tillegg til reine marknadsførings-aktivitetar er der teke inn eit viktig mål: «Sikra nok praksisplassar til store klassar, særleg innan psykisk/rus»

# Utviklingsplan for Hordaland helsefagskole

Fagskulestyret gjev oss nokre oppdrag som me vil sjå i samanheng – gjennom denne planen

- 1) Setja kvalitetsmål (kvalitetsindikatorar) for drifta og tiltak for korleis nå desse
- 2) Arbeida systematisk med å skaffa praksisplassar
- 3) Ta utfordringa med å redusera fråfall, særleg i starten.
- 4) Implementera marknadsføringsplanen i vårt daglege arbeid

## 1) Kvalitetsmål (indikatorar) og tiltak

Helsefagskolen utarbeidde eit sett med indikatorar som me sendte til HFK april-14. Ved førre årsmelding sette me opp resultata i tabell opp mot skulen kvantitative mål (Kritisk nivå på dei ulike områda er settet til 4,0). Me har markert med trafikklysfarge på scora for å signalisera kor me låg vs eigne mål våren 2015. Fagskuletyret sitt mål på 4,5 i snitt for det totale læringsmiljøet er i underkant av dei scora me registrerer, så truleg er tilbodet vår jamt over bra.

A. Innhold i utdanninga – fagplanen	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Kor godt kjenner studentane fagplanen for utdanninga	4,8	4,5
I kva grad meinar studentane at opplæringa er i samsvar med opplæringsplanen	4,8	4,5
Lærar sin vurdering av skulen sin opplæringsplan	5,2	4,5
B. Undervisninga	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Studentane sin tilfredsheit med organiseringa av opplæringa?	4,7	4,5
Studentane sin mening om framdrifta i opplæringa	4,7	4,5
Studentane sin tilfredsheit med det faglege nivået på opplæringa	4,8	4,5
Lærar sin vurdering av undervisningstilbodet (eksl praksis)	4,3	4,5
C. Arbeidsmetodar	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Studentane si mening om grad av variasjon i arbeidsmetodar	4,8	5
Lærar si vurdering av rettleilinga til studentane	5	5
Praksistilbodet berre 2.års	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Studentane om Praksistilbodet - fagl.nivå (kun 2.års)	4,7	4,5
Studentane om Praksistilbodet organisering (kun 2.år)	4,3	4,5
Lærarscore på praksistilbodet	5,2	4,5
D. Utstyr og anna infrastruktur (BTF/STEND/ODDA /FITJAR	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Studentane sin tilfredsheit med tilrettel. for bruk av IKT (spreiing 3,2-4,8)	3,9	4,5
Studentane sin tilfredsheit med lokalitetane på skule (spreiing 2,7-5,3)	4,1	4,5
Studentane sin tilfredsheit med utstyret på skulen (spreiing 4,1-4,8)	4,4	4,5
E. Samarbeid med næringslivet	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Studentane (2.trinn) om skulen sitt samarbeid med næringsliv	4,6	4,5
Lærar si vurdering av grad av samarbeid med næringa	5,0	5,0
F. Fordjupingsmodul / hovudprosjekt – gjeld berre 2.årstrinn	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Studentane sin mening om fagleg utbytte av fordjupingsmodul /hovudprosjekt/	5,1	4,5
Studentane sin mening om organisering av fordjupingsmodul /hovudprosjekt/	4,3	4,5
G. Det totale læringsmiljø	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljøet	4,8	4,5
2.1 Sensorvurdering av utdanninga 6 av 7 sensorar har svara)	Snitt vår 2015	Kvalitetsmål
Sensorvurdering av eksamensoppgåva/-ne si relevans og omfang	5,5 - 5	5
Samanheng mellom studentane sin kunnskap og opplæringsplanen	4 - 5	5

Helsefagskolen fastset måla for drifta slik det framgår av høgre kolonne.

Hordaland helsefagskole registrer jamt gode skår i desse granskingane, med snitt på eller over dei kvalitetsmåla me sette i april 2014. Det er ikkje stor trøng for å justera ned nokre av forventingane me sette oss, men fagskulen kan strekkja seg m.o.t arbeidsmetodar, IT, lokale og anna infrastruktur og opplegg kring praksisplassane. Me vil fokusera særleg på desse områda:

### **Utstyr og anna infrastruktur**

Helsefagskolen hadde sett høgt måltal for førre skuleår, men me har hatt lite mynde i spørsmål om infrastruktur (IKT, lokale og utstyr) på dei 4 skulane der me lånte hus. Ifor er det meir realistisk å justera ned til måltalsnitt på 4,5 her også. Tilhøva kring lokale på Stend var uvanlege 2014/15 grunna oppbygging, men situasjonen har betra seg monaleg inneverande skuleår. I Bergen er me flytta inn saman med BTF i Haugevegen og har fått gode lokale og digitale arbeidsvilkår der!

Me noterer jamt over fornøgde studentar mtp. tilboden, men ser frustrasjonar kring digital tilkopling, somme studentar opplever stadig vanskar, av ulik årsaker. Å gje solid dataopplæring i starten er viktig.

#### **Tiltak:**

- a. For å sikra betre oppfølging og IT-støtte for våre studentar, vil me involvera Fusa vgs sin IT-konsulent flittig. Han vil vera med i oppstarten av klassane og få etablert eit forhold til studentane/deira maskiner og kompetansenivå. Slik vert fjernstøtta (remote-control) betre
- b. Oppfrisking av IT-kompetansen hos faglærarane m.o.t. til system og aktuell programvare
- c. Setja inn ekstra IT-kompetanse i den nettbaserte gruppa.

### **Kvalitetssikra praksisperiodane og arbeidet med fordjupingsoppgåva**

Gode fagmiljøa med aktive rettleiararar kan gje stort utbyte for den enkelte studenten. Det kan vera positivt for studentane reint praktisk, å ha praksisplass på "eigen" institusjon, men det kan vera vanskeleg for studenten å skilja student- og arbeidstakarrolla. Faglærarar og studentar melder at ikkje alle praksisrettleiarane er bevisste på oppgåva si, noko som kan ha ulike forklaringar. Me ønskjer følgja opp praksisrettleiarane med informasjon og tilbod om kursing. Når studentane gjev score på 4,3 på organisering av praksis og på fordjupingsoppgåva, må me sjå korleis dette kan organiserast betre.

#### **Tiltak:**

- a. Kvalitetssikra informasjonen som vert gjeven praksisplassane på førehand og ved etablering av dei individuelle praksisplassavtalane for studentane.
- b. Utvikla eit tilbod i rettleiing for praksiskontaktane, minimum dagskurs, med høve til å spissa opplæringa til det enkelte fagområdet.
- c. Ei oppfølgjande gransking hos avgangsstudentar om mogelege betringspunkt.
- d. Henta inn vurderingar frå praksisvertar om betringspunkt.
- e. Evaluera rutinane for oppfølging av studentane når dei arbeider med fordjupingsoppgåva.

## **2) Arbeid med å skaffa praksisplassar**

Ikkje alle studentar har sitt daglege arbeid innom det fagfeltet dei tar fordjuping i. Difor treng me framleis ha ein pott med relevante praksisplassar innom prioriterte studiar. Men det er varierande kapasitet hos kommunane / helseføretaka, og det er ofte vanskeleg for studentane å få gode praksisplassar fordi mange andre institusjonar har obligatorisk praksis i sine utdanninger. Helsefagskolen konkurrerer difor med andre, meir kjende og velrenomerte utdanningar i spørsmål om praksisplass. Men etter kvart som me har fått «vist fram» studentane våre, er det lettare å få innpass for nye studentar. Me prøver også tilpassa etter kva ønskje studenten måtte ha for si faglege utvikling / fordjuping og ev. andre praktiske behov.

#### **Tiltak:**

- a. Ta tidleg undersøking 1.studieåret om behov/ ønskje studentane har mtp. praksis
- b. Systematisera personnettverket vårt
- c. Friska oppatt avtalar gjort med kommunar/ spesialisthelsetenest / ev. private institusjonar
- d. Gjera førehandsavtale med relevante plassar der me har studentar i inneverande periode.
- e. Revidera avtaleverket med Bergen kommune

### 3) Utfordringar med fråfall

Talet på kvalifiserte søkerar, på opptekne og sluttarar, må kommenterast særskilt: Søkerar som tar i mot plass, er ofte høgare enn dei som faktisk startar. Det gjev eit relativt stort fråfall / ikkje møtte. For desse studentane er det truleg eit mindre personleg nederlag, då dei ikkje har starta. Men fleire studentar sluttar første hausten, ofte berre nokre veker etter oppstarta.

Me trur betre informasjon og rettleiing på førehand til søkerarar og arbeidsgjevarar om kva som krævast av slike studiar, kan avhjelpa noko, slik at studentane som startar, kan vera betre budde på den samla arbeidsbøra som kombinasjon av studiar, jobb og familie gjev.

Som meldt tidlegare; studentar som har velvilje frå arbeidsgjevar og får tilrettelagt turnus/ kabalar, er dei som fullfører studiet. Første året er kritisk, men dersom det er fullført, er det stor sjanse for bestått studium etter 2 år.

Skulen prøver møtekomma studentar som brått kjem i vanskeleg situasjon, men ikkje alle kan bergast ved å få utsett ein fristar ol.. Det er gjerne større vanskar som gjer at studenten må slutta.

#### Tiltak:

- Revidera informasjonsmateriellet slik at det gjev eit realistisk og balansert bilet av studiet.
- Ha tettare oppfølginga av søkerarar etter at dei er tekne inn via Vigo.
- Laga skriv som studentane kan «få med heim» til sine arbeidsgjevarar om korleis dei kan (bør) tilretteleggja for studenten.
- Utvikla føreseielege rutinar for korleis me skal rettleia / støtta studentar som i periodar kan ha vanskar med å fylla oppmøte- og prosjektskrav.
- Ha kartlegging ved skuleoppstart av studentane sine lese/-skriveferdigheiter.
- Vurdera tilrettelegging ved særlege behov på eit tidlegast mogeleg tidspunkt.

### 4) Oppfølging av marknadsføringsplanen


Å sjå rekruttering og merkevarebygging opp mot arbeidet med å skaffa praksisplassar, meiner me kan vera strategisk lurt. Det er gjerne praksisplassane som er både våre «leverandørar» av studentar og «avtakarar» av uteksaminerte kandidatar.

#### Tiltak:

- Undersøkja i ulike kommunale planar kva dei vektlegg av kompetansebehov og retta tilbod/ marknadsføring deretter.
- Ajourhald på brosyremateriell og fagskuleweb
- Faglærarane tar med informasjonsmateriell / søknadsinformasjon til praksisplassane ved praksisbesøk og kontaktar overordna nivå for møte eller innpass i personalmøte ol.
- Ny kontakt med dei kommunane som HHF har vore i dialog med før.
- Få skrive ein profesjonell artikkel som publiserast på nett og i aktuelle medlemsmagasin
- Bruka tidlegare studentar som ressurspersonar/ informantar i eigne fagmiljø. Utvikla informasjonsmateriell til støtte for desse.

I tillegg til desse punkta ovanfor, vil Helsefagskolen halda fram med «ordinært» marknadsføringsarbeid, slik det også er omtala i saka i fagskulestyret 26.01.16.

Eikelandsosen 23.02.2016

  
Tør Johannes Hjertnes  
Administrativ leiar

  
Mette Holmefjord Olsen  
Avdelingsleiar

Vedlegg: Framdriftsskjema

<b>Kvalitetsmål (indikatorar)</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Periode</b>	<b>Ansvar</b>
<b>Utstyr og anna infrastruktur</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. For å sikra bedre oppfølging og IT-støtte for våre studentar, vil me involvera Fusa vgs sin IT-konsulent flittig. Han vil vera med i oppstarten av klassane og få etablert eit forhold til studentane/deira maskiner og kompetansenivå. Slik vert fjernstøtta (remote-control) betre.</li> <li>b. Oppfrisking av IT-kompetansen hos faglærarane m.o.t. til system og aktuell programvare.</li> <li>c. Setja inn ekstra IT-kompetanse i den nettbaserte gruppa.</li> </ul>	Sept – juni August Sept -juni	HFF-adm IT-kons e-koord. Adm
<b>Kvalitetssikra praksisperiodane – arbeidet med fordjupingsoppgåva</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Kvalitetssikra informasjonen som vert gjeven praksisplassane på førehand og ved etablering av dei individuelle praksisplassavtalane for studentane.</li> <li>b. Utvikla eit tilbod i rettleiing for praksiskontaktane, minimum dagskurs, med høve til å spissa opplæringa til det enkelte fagområdet.</li> <li>c. Ei oppfølgjande granskning hos avgangsstudentar om mogelege betringspunkt. Henta inn vurderingar frå praksisvertar om betringspunkt</li> <li>d. Evaluera rutinane for oppfølging av studentane når dei arbeider med fordjupingsoppgåva.</li> </ul>	Okt Innan okt Mars-mai April-mai	HFF-adm Fagansvarleg --- HFF-adm Fagansvarleg
<b>Arbeid med å skaffa praksisplassar</b>	<b>Tiltak</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Ta tidleg undersøking om behov/ ønske studentane har mtp. praksis</li> <li>b. Gjera førehandsavtale med relevante plassar der me har studentar i inneverande periode.</li> <li>c. Systematisera personnettverka våre</li> <li>d. Friska oppatt avtalar gjort med kommunane / spesialisthelsetenesta / ev. private institusjonar</li> <li>e. Revidera avtaleverket med Bergen kommune</li> </ul>	Feb 1.året Innan april Mars-mai Innan juni ---	HFF-adm HFF-adm Fagansvarleg Faglærarar HFF-adm	
<b>Utfordringar med fråfall</b>	<b>Tiltak</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Revidera informasjonsmateriellet slik at det gjev eit realistisk og balansert bilet av studiet</li> <li>b. Ha tettare oppfølginga av søkjrarar etter at dei er tekne inn via Vigo.</li> <li>c. Laga skriv som studentane kan «få med heim» til sine arbeidsgjevarar om korleis dei kan (bør) tilretteleggja for studenten.</li> <li>d. Utvikla føreseielege rutinar for korleis me skal rettleia / støtta studentar som i periodar kan ha vanskar med å fylla oppmøte- og progresjonskrav</li> <li>e. Ha kartlegging ved skuleoppstart av studentane sine lese/-skriveferdigheter.</li> <li>f. Vurdera tilrettelegging ved særlege behov på eit tidlegast mogeleg tidspunkt</li> </ul>	Mas Mai>sept Aug Juni-aug Sept Innan okt	HFF-adm ----- HFF-adm Fagansvarleg Klassekord. Faglærarar	
<b>Oppfølging av marknadsføringsplanen</b>	<b>Tiltak</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Undersøkja i ulike kommunale planar kva dei vektlegg av kompetansebehov og retta tilbod/ marknadsføring deretter.</li> <li>b. Ajourhald på brosjyremateriell og fagskuleweb</li> <li>c. Faglærarane tar med informasjonsmateriell / søknadsinformasjon til praksisplassane ved praksisbesøk og kontaktar overordna nivå for møte eller innpass i personalmøte ol.</li> <li>d. Ny kontakt med dei kommunane som HHF har vore i dialog med før.</li> <li>e. Få skrive ein profesjonell artikkel som publiserast på nett og i aktuelle medlemsmagasin</li> <li>f. Bruka tidlegare studentar som ressurspersonar/ informantar i eigne fagmiljø. Utvikla informasjonsmateriell til støtte for desse.</li> </ul>	Jan-mars Jamnleg Feb - april Feb/mars Innan nov. -->	HFF-adm Faglærarar  HFF/fagansv Adm HFF/fagansv HFF-adm	

**Mål- og  
Strategidokument  
Bergen tekniske fagskole  
2015/16**

## Overordnede strategier og målsetninger 2015/16

	Hovedstrategier	Målsetninger
1	<b>Forbedre fullføringsgraden til studentene</b>	Vi skal oppnå en fullføringsgrad på 80 % for dag studenter og 70% for nettstudenter.
2	<b>Fornøyde studenter</b>	Årlig studentevaluering skal gi Gjennomsnittlig 4.5 poeng av 6 mulige pr. linje.
3	<b>Sikre utdanningens relevans</b>	Tilby relevant utdanning som næringslivet og offentlig sektor etterspør og som gir studentene jobb etter endt utdanning.
5	<b>Forbedre fagmiljøene på de enkelte linjer</b>	Skolen skal ha stort fokus på teknisk innhold og utvikling.
6	<b>Utvikle et godt nettstudie</b>	Skolen skal tilby et godt utviklet nettstudie.
7	<b>Gjøre utdanningen mer kjent i markedet</b>	Økt etterspørsel etter fagteknikere.
8	<b>Styrke fagskolens kontakt med næringslivet</b>	Øke ansatte og studentens kjennskap og kontaktflate med næringslivet.

## Viktigste tiltak for strategioppnåelse

	Hovedstrategier	Viktigste tiltak
1	<b>Forbedre fullføringsgraden til studentene</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt organisert studie</li> <li>• Tilpasset opplæring og etablering av arbeidsgrupper</li> <li>• Tett oppfølging av studentene</li> <li>• Bevisstgjøring av klassekoordinators lederolle</li> <li>• Regelmessig rapportering og evaluering</li> <li>• Oppfølgingssamtale med studenter</li> <li>• Videreutvikle skolebygget i Haugeveien 28 og etablere Teknologisenter i Margaretastredet.</li> <li>• Videreutvikle forutsigbare og felles regler for undervisningen på BTF</li> </ul>
2	<b>Fornøyde studenter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt pedagogisk opplegg</li> <li>• Bedre lærernes kompetanse, engasjement og trivsel</li> <li>• Godt administrativt opplegg ved skolen</li> <li>• Kursing av ansatte, Outlook, SmartBoard, «Dei gode døma» etc.</li> <li>• Videreutvikling av undervisning ved hjelp av egenproduserte videosnutter.</li> <li>• Videreutvikle skolebygget i Haugeveien 28 og etablere Teknologisenter i Margaretastredet</li> <li>• Tett pedagogisk oppfølging og støtte av skolens lærerstab</li> <li>• Videreutvikle forutsigbare og felles regler for undervisningen på BTF</li> </ul>
3	<b>Sikre utdanningens relevans</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inngå samarbeidsavtaler med utvalgte bedrifter per faglinje.</li> <li>• Alle storprosjekt skal være knyttet til næringslivet</li> <li>• Systematisk evaluering av fagplanene</li> <li>• Utarbeide nye studietilbud i forhold til behovet i markedsattilpasset</li> <li>• Intensivere kontakten med næringslivet, Stord-modellen, NCC Maritim CleanTech, CNC-robot miljøet på Osterøy</li> </ul>

4	<b>Øke innsatsen på teknologi</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skaffe nødvendige dataprogrammer. Notebook, Camtasia, Revit, Archicad, FluidSim etc.</li> <li>• Utstyre data rom for 30 studenter.</li> <li>• Oppgradere Teknologisenteret i Margaretastredet. Automatisering, Elkraft, Prosess, Maskin, tverrfaglig KEM-lab, plotter, 3D-printer etc.</li> <li>• Oppgradere teknisk utstyr i klasserommene. Smart Board, trådløs løsning, multimedia utstyr etc.</li> <li>• Ta i bruk ny teknologi i undervisningen Microsoft Surface Pro, Bamboo etc.</li> </ul>
5	<b>Forbedre fagmiljøene på de enkelte linjer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Må bli mer attraktivt å undervise i tekniske fag.</li> <li>• Utvikle fagmiljøer.</li> <li>• Samarbeid med næringsliv og andre skoler.</li> <li>• Aktivt rekruttere kompetanse fra næringslivet.</li> </ul>
6	<b>Utvikle et godt nettstudie</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må utarbeides detaljert informasjon om nettstudiet.</li> <li>• Det må utarbeides detaljertopplegg for gjennomføring av nettstudiet.</li> <li>• Nettstudiet må knyttes til de enkelte faglinjer.</li> <li>• Utvikle fjernundervisning vha. videosnutter etc.</li> <li>• Ukentlig oppfølging av studentene gjennom It'slearning.</li> <li>• 1 oppgave/innlevering mellom samlingene pr. tema.</li> <li>• 2 virkedagers responstid på henvendelser.</li> <li>• 2 ukers respons på innleverte oppgaver/prøver.</li> </ul>
7	<b>Gjøre utdanningen mer kjent i markedet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Annonsering.</li> <li>• Delta på utdanningsmesser Nordhordland, Os, Stord, Grieghallen, Sotra.</li> <li>• Utarbeide brosjyremateriell og elektronisk brosjyre.</li> </ul>

8	<b>Styrke fagskolens kontakt med næringslivet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeidsavtaler.</li> <li>• Stord-modellen.</li> <li>• Samarbeid med CNC-robotmiljøer.</li> <li>• Opptak i NCC Maritim CleanTech-klyngen.</li> <li>• Eksterne foredragsholdere fra næringslivet en gang i måneden.</li> <li>• 1 Ekskursjoner og et eksternt foredrag pr. semester pr. klasse.</li> </ul>
---	---



Arkivnr: 2015/11453-20

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	12/16	17.03.2016

### Administrativ samanslåing av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole

#### Samandrag

I fagskulestyremøte 23.01.2016 vart følgjande vedteke:

Vedk. framtidig samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole:  
Styreliaar ber om sak til styremøtet 17. mars.

Ei samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har vore tema i lang tid, og er innanfor allereie vedteken skulebruksplan. Det er mange gode grunnar til ei samanslåing, mellom anna vil det kunne bidra til ei tydeleg satsing på fagskulane i Hordaland som eit eige skuleslag, og den nye fagskulen vil bli den største fylkeskommunale fagskulen i landet.

#### Forslag til vedtak

1. Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vert slått saman til éin fagskule 01.01.2017.
2. Den nye tekniske og maritime fagskulen vil heite Fagskolen i Hordaland.
3. Opplæringsavdelinga må gjere greie for:
  - Ressursbehovet i høve til personale knytt til omstillingssarbeidet.
  - Eventuelle behov for endringar i bygg og kostnadar ved dette.
  - Eventuelle økonomiske konsekvensar ved splitting av drifta av fagskule og vidaregåande skule.
  - Lokasjon for den nye eininga og plassering av hovudadministrasjon.

Svein Leidulf Heggeheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 16.02.2016

### Bakgrunn

I fagskulestyremøte 23.01.2016 vart følgjande vedteke:

Vedk. framtidig samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole:

Styreleiar ber om sak til styremøtet 17. mars.

12.03.2013 vart framtidig skulestruktur vedteke i fylkestinget i samband med sak om skulebruksplanen, og samtidig vart det lagt fram ei sak om skulestrukturen for fagskulane. Følgjande vart vedteke i sak 5/13 i fylkestinget:

*Fylkestinget vedtek ei administrativ samanslåing av fagskolane i Hordaland, til ein administrasjon for helsefagskolen og ein felles administrasjon for dei tekniske og maritime fagskolane.  
Fagskoletilboda vil framleis vere desentraliserte.*

*Vert finansieringsordninga på helsefag endra, vil fylkestinget vurdere å leggje alle fagskolane under ein administrasjon.*

På bakgrunn av dette skulle fylkeskommunen arbeide med å slå saman dei 7 fagskulane til 2 fagskular. Dei små fagskulane vart lagt som studiestad under dei større, og Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole skulle samlokalisera til Haugeveien 28. Det vart starta eit programmersarbeid i Haugeveien 28, men det vart etter kvart klart at bygget ikkje ville vere stort nok til å romme begge skulane. I 2014 vart det arbeidd vidare med å finne ny lokasjon til ein framtidig teknisk og maritim fagskule.

13.10.2015 vedtok fylkestinget følgjande i sak PS 64/2015 om samlokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole:

### Vedtak

1. *Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.*
2. *Det må takast omsyn til at talet på fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i talet på studentar ved Fagskolen i Hordaland.*
3. *Då fagskulen har stor søknad og fleire søkerar ikkje i dag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.*
4. *Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokalisera i same lokale.*

Det vart ikkje vedteke midlar til utbygging, og ein ventar på at søknad om reguleringsendring skal verte handsama politisk i Bergen kommune.

Ei samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har såleis vore tema i lengre tid, og er innanfor allereie vedtekne planar. Med bakgrunn i NOU om fagskulane er det viktig for Hordaland å posisjonera seg som fagskulefylke. Ei administrativ samanslåing vil mellom anna kunne bidra til ei tydeleg satsing på fagskule i Hordaland som eit eige skuleslag, og den nye fagskulen vil bli den største fylkeskommunale fagskulen i landet.

### Fordelar med administrativ samanslåing

Det er fleire fordelar ved å gjere ei administrativ samanslåing medan ein ventar på at det skal byggjast eit felles bygg for fagskulane. Ei samanslåing vil bidra til å reindyrka fagskulen som eige skuleslag av di ein separerer fagskuleeinininga frå den vidaregåande eininga ved Bergen maritime. Dette vil også bidra til å vidareutvikle fagskulen på det tertære nivået. Administrasjonen ved fagskulen vil verte styrka av ei samanslåing av di ein vil samle kompetansen på fagskuleområdet under ein felles administrasjon som berre arbeidar med fagskule.

Dersom styret ønskjer at Fagskolane i Hordaland skal søkje om ei områdegodkjenning hjå NOKUT vil det vere ein fordel med ein større administrasjon. Dette er fordi det er svært ressurskrevjande å søkje om, og ivareta, ei områdegodkjenning. Områdegodkjenning er ei godkjenning som gjer at fagskulen kan utarbeide nye tilbod eller gjere endringar i eksisterande tilbod innan eit spesifikt fagområde utan å søkje NOKUT. Det er berre éin fagskule som har ei slik godkjenning per i dag.

Ei administrativ samanslåing vil også gje moglegheiter for samarbeid på tvers av fleire fagdisiplinar enn i dag, og det vil gje større fagmiljø for lærarar innan mellom anna fellesfaga og emnet Leiing, økonomi og marknadsføring (LØM). Fellesfaga og LØM-emnet er stort sett likt på tvers av fagskuleutdanningane innan tekniske og maritime fag. Ei samanslåing vil også gje synergiar i høve til sambruk av spesialrom som mellom anna lab, hydraulikk og verkstad.

Dersom Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vert éin fagskule vil det gje styret større fleksibilitet i høve til utarbeiding av tilbodsstruktur. Det vil sei at det vil vere lettare å gjere endringar i fagtilboden frå år til år, og ein vil kunne få til ei betre utnytting av ressursane på tvers av fagtilboda.

Ved ei administrativ samanslåing er det ikkje forventa at det vert overtal av tilsette. Samtidig er det heller ikkje forventa ein økonomisk gevinst ved ei samanslåing, og det er mogleg at administrasjonen vil trenge auka ressursar. Gevinstane ved ei samanslåing må verta sett i lys av fordelane som er nemnt over.

### **Organisering av éin teknisk og maritim fagskule**

Ved samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole til éin fagskule må skulen verte lokalisert både på Nordnes (i dag Bergen tekniske fagskole) og på Nedre Nygård (i dag Bergen maritime), og det vil vere sambruk av lokala på Nedre Nygård mellom den nye fagskulen og Bergen maritime videregående skole. Hovudadministrasjonen kan lokaliserast på Nordnes, medan ein del av administrasjonen bør vere lokalisert ved Nedre Nygård som avdeling slik som dei andre studiestadene har i dag. Studentane ved dei maritime og petroleumstekniske fagskuletilboda vil fortsatt ha sin studiekveldag på Nedre Nygård, men det er mogleg å veksle mellom studiestadene i høve til bruk av utstyr. Studentane er ganske stadbundne av di klassane har eigne faste klasserom. Lærarane vil kunne undervise ved begge einingane i høve til dei emna som er aktuelle på tvers av utdanningane.

Den nye fagskulen vil som nemnt tidlegare verte den største fylkeskommunale fagskulen ved ei samanslåing, og den vil ha ei svært stor fagbreidde. For å markera dette, og at skuleslaget ligg på tertiar nivå, er det ønskjeleg at den nye fagskulen vil heite Fagskolen i Hordaland. Namnet vert såleis bygd opp som andre høgare utdanningsinstitusjonar, og det gjev ei plassering i Hordaland.

### **Tidsperspektiv**

I høve til tidsperspektiv ser ein føre seg at fagskulane kan verte slått saman 01.01.2017 i samband med årsskifte og nytt budsjettår. Dette har skulane erfart ved tidlegare samanslåingar er fornuftig i høve til budsjett og kostnad. Studentane vil verte administrativt flytta til ei ny eining midt i skuleåret, men det lar seg løyse på ein god måte.

### **Ressursbehov ved ei administrativ samanslåing**

Ved ei administrativ samanslåing vil det vere naudsyt med ressursar knytt til omstillinga. Det er svært viktig at HR-seksjonen og dei tillitsvalde vert involvert tidleg i prosessen. Det må også tidleg verte stadfesta om det skal gjerast endringar i bygg, og i så fall kor dette kan verte dekka. Vidare må Opplæringsavdelinga tidleg i prosessen vurdera økonomiske konsekvensar ved å splitte Bergen maritime videregående skole og Bergen maritime fagskole. Dette gjeld spesielt i høve til vidare separat drift av Bergen maritime videregående skole, men også drifta av fagskulen.

Det vil vidare vere ønskjeleg at styret set av midlar i budsjettet for 2017 til sosiale tiltak knytt til det å skape eit nytt fellesskap ved den nye fagskulen.

På bakgrunn av avsnittet over må Opplæringsavdelinga gjere greie for ressursbehovet i høve til:

- Personale knytt til omstillingssarbeidet
- Eventuelle behov for endringar i bygg
- Eventuelle økonomiske konsekvensar ved splitting av drifta av fagskule og vidaregåande skule



Arkivnr: 2015/11453-28

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	13/16	17.03.2016

**Råd og utval i fagskulesektoren, og medlemskap i RFF****Samandrag**

I denne saka vert det gjeve ei orientering av dei ulike råd og utval i fagskulesektoren, og deretter vert Fagskolane i Hordaland sitt medlemskap i *Råd for offentlige fagskoler* (RFF) drøfta. Saka vil også gje nokre betraktnigar i høve til dei ulike fagutvala. Orienteringa av råd og utval vert gjeve for å gje styret ei oversikt av dei mange råd og utval i fagskulesektoren. Bakgrunnen for å drøfte Fagskolane i Hordaland sitt medlemskap i RFF er *Forum for fylkesutdanningssjefer* (FFU) si fristilling av RFF som rådgjevande organ for FFU (melding RS 3/2016 i møte 26.01.2016). I tillegg vert det gjennomført årsmøte i RFF 02. – 04. mai 2016 der fagskulestyra og fagskulane kan melde inn ønskje og innspel i høve til korleis ein meiner at RFF kan arbeide for fagskulesektoren vidare.

**Forslag til vedtak**

Hordaland fagskulestyre utarbeider eit brev til RFF om korleis ein ser føre seg at RFF skal arbeide for sine medlemmer. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga utarbeider brevet i samarbeid med fagskulane og styreleiar.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.02.2016

I det følgjande vert det gjeve ei orientering av dei ulike råd og utval i fagskulesektoren, og deretter vert det drøfta Fagskolane i Hordaland sitt medlemskap i *Råd for offentlige fagskoler* (RFF). Saka vil også gje nokre betraktingar i høve til dei ulike fagutvala. Orienteringa av råd og utval vert gjeve for å gje styret ei oversikt av dei mange råd og utval i fagskulesektoren, noko som har vore eit ønskje frå styret. Bakgrunnen for å drøfte Fagskolane i Hordaland sitt medlemskap i RFF er *Forum for fylkesutdanningssjefer* (FFU) si fristilling av RFF som rådgjevande organ for FFU (melding RS 3/2016 i møte 26.01.2016). I tillegg vert det gjennomført årsmøte i RFF 02. – 04. mai 2016 der fagskulestyrta og fagskulane kan melde inn ønskje og innspel i høve til korleis ein meiner at RFF kan arbeide for fagskulesektoren vidare.

### Råd og utval i fagskulesektoren

#### Rådet for offentlige fagskoler (RFF)

RFF er eit koordinerande organ for fylkeskommunale og offentlege fagskulular. Rådet har som hovudmål å arbeide med kvalitetsutvikling, samordning av etterutdanningstiltak, marknadsføring og informasjonstiltak. RFF skal delta i ulike fora og møter for å fremje dei offentlege fagskulane si sak. Vidare skal rådet ivareta dei offentlege fagskulane sine felles interesser knytt til eit nært og forpliktande samarbeid med alle aktuelle bransjar/næringar og øvre samarbeidspartnarar. RFF skal vere representert i *Nasjonalt utvalg for teknisk fagskoleutdanning*, *Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helse og oppvekstfag* og *Nasjonalt fagskoleråd*.

RFF har eit styre med 5 medlemmar og 2 vara, medlemmene vert valt for to år. I dag er det to representantar for Fagskolane i Hordaland med i styret for RFF. Dette er avdelingsleiar ved Hordaland helsefagskole Mette Holmefjord Olsen (medlem, på val i 2016) og spesialrådgjevar Adeline Berntsen Landro (varamedlem, på val i 2017) ved Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Den årlege fagskulekonferansen for dei offentlege fagskulane er i regi av RFF, og det vert også halde årsmøte i samband med konferansen. Kvar fagskule har éi stemme ved årsmøtet.

Det er offentlege tilbydarar av fagskoleutdanning som er medlem i RFF og betalar medlemskontingent basert på studenttal ved den einskilde skule. Satsen er 100,- kroner per heiltidsekquivalent student. Fagskolane i Hordaland betalte om lag 100 000,- kroner i kontingen i 2015. Kontingenet vert fastsett på årsmøta etter forslag frå styret for RFF (les meir om RFF her:

<http://fagskolen.info/index.php?pageID=123&page=RFF> ).

#### Nasjonalt utvalg for teknisk fagskoleutdanning (NUTF)

Utvalet utarbeider nasjonale standardar for nivå og innhald i fagskoleutdanninger og skal vere eit organ for samhandling mellom utdanningsinstitusjonar, brukarar og næringsliv i dette arbeidet. Utvalet arbeider også med å synleggjere utdanningane i samfunnet. Den nasjonale standarden skal danna eit grunnlag for lokal tilpassing av opplæring, ulike læringsformer og behov i næringa.

NUTF skal sette nasjonale kriterium for teknisk fagskoleutdanning. Utvalet skal utvikle og fastsette nasjonale planar etter tilråding frå dei næringsretta utvala. Utvalet skal også tilby Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) eit samarbeid om utvikling av kriteriegrunnlaget for godkjenning. Utvalet kan uttala seg om andre høve som er av nasjonal interesse.

#### Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helse og oppvekstfag (NUFHO)

NUFHO er ei frivilleg samanslutning av sentrale aktørar innan helse- og oppvekstfaga. NUFHO er eit organ for samhandling mellom tilbydarar av fagskoleutdanning i helse- og oppvekstfag og arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane for å utvikle, halde oppe og synleggjere ein nasjonal standard for nivå og innhald i fagskoleutdanning i helse- og oppvekstfag. Den nasjonale standarden skal vere retningsgjevande

for søknader til NOKUT om godkjenning av fagskuletilbod. Samtidig skal standarden gje grunnlag for lokal tilpassing i høve til næringa sitt behov.

NUFHO skal:

- Sikre utvikling og anbefaling av nasjonale planar for fagskuleutdanning i helse- og oppvekstfag.
- Vere ein samarbeidspartner for NOKUT, utdanningsmyndighetene og andre aktuelle fagskulemiljø.
- Arbeide for å utvikle ein felles nettstad for all fagskuleutdanning.
- Uttale seg om andre høve av nasjonal interesse (finansieringsordninga, inntaksriteria, dimensjonering, lokalisering, framtidige behov for kompetanse m.m.).

Regionleiar Annbjørg Laupsa er valt inn som representant i NUFHO på vegner av FFU.

#### Maritimt utdanningsforum (MUF)

MUF arbeider for dei maritime utdanningane ved å vere oppdatert på tiltak og tilhøve som har interesse for dei maritime utdanningsinstitusjonane. MUF skal arbeide for dei maritime utdanningane, elevar/studentar og lærarar sine faglege interesser. Utdanningsforumet skal også arbeide aktivt for å medverke til utviklinga innan maritim utdanning.

Offentlege og private maritime skular, skuleskip, offentlege og private organisasjonar, sjømannsorganisasjonar og maritime utstyrleverandørar har rett til å verte medlem i MUF. Maritime elev- og studentorganisasjonar må søkje om rett til å bli medlem i MUF.

MUF vert leia av eit styre som består av fire personar; leiar, nestleiar, kasserar og sekretær. I tillegg vert det valt ein vararepresentant til styret. Styremedlemene vert valt for ein periode på to år. For tida er Anne Sjøvold ved Bergen maritime fagskole og videregående skole styreleiar, medan avdelingsleiar ved Bergen maritime fagskole, Håvard Endre Waage, er medlem.

#### Nasjonalt fagskoleråd (Fagskolerådet)

Fagskolerådet er eit rådgjevande organ og er oppnemnt av Kunnskapsdepartementet.

Fagskolerådet skal:

- Bidra til å utvikle rammer og strategiar for fagskuleutdanninga som tek vare på einskilde individ, verksemder og samfunnet sitt behov for yrkesretta kompetanse og livslang læring.
- Fremje fagskulane sine samla interesser som ein sjølvstendig del av utdanningssystemet og stimulere til samordning, samarbeid og kvalitetsutvikling av fagskuletilboda.
- Arbeide for å fremje samarbeidet mellom dei ulike aktørane i utdanningsområdet og bidra til at fagskuletilboda står fram som attraktive utdanningstilbod for arbeidslivet og studentar.
- Arbeide overfor regionale og sentrale myndigheter for å sikre fagskulane føreseielege og tilfredsstillande økonomiske føresetnader.
- Samarbeide om ein god samanheng mellom utdanningsnivåa.
- Bidra til synleggjering av fagskuleutdanninga.

Fagskolerådet skal vidare:

- Arbeide for fagleg kvalitet og utvikling av fagskulesektoren.
- Gje råd til sentrale og fylkeskommunale myndigheter i aktuelle fagskulesaker.
- Vurdere behovet for og presentasjon av informasjon om fagskuleutdanning.
- Iwareta kontakt med arbeidslivet om behovet for og dimensjonering av fagskuletilbod.
- Arbeide for tilfredsstillande og føreseielege rammevilkår for fagskuleutdanningane.
- Bidra til hensiktsmessig og fleksibel organisering av utdanningane og sikre gode studieføresetnader for studentane.
- Føreslå område for forsøk, statistikk- og utviklingsarbeid og forsking innanfor fagskulesektoren.
- Fremje internasjonalisering av og i fagskuleutdanninga.

Fagskolerådet etablerer eigne arbeidsgrupper for spesielle formål etter behov og samarbeider med faglege nasjonale utval (til dømes Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), Universitets- og høgskolerådet (UHR), NUTF, NUFHO).

#### Organisasjon for norske fagskolestudentar (ONF)

ONF er ein nasjonal organisasjon for studentar ved fagskulane. Organisasjonen har som formål å fremje fagskulestudentar sine interesser, rettar og vilkår overfor myndigheter og samfunnet generelt, samt vere eit rådgjevande organ for studentane.

ONF vart etablert i 2012 og er soleis ein ung organisasjon. Mykje av organisasjonen sitt arbeid i dag handlar om å byggje politiske nettverk og å danne ein sterk og engasjert medlemsmasse. ONF ønskjer difor å invitera alle fagskular til å verte medlem. ONF har institusjonsbasert medlemskap, det vil seie at skulen som institusjon vert medlem. Det er studentrådet ved den einskilde skule som vedtar om fagskulen skal vere medlem i organisasjonen. Studentane ved skulen vil då vere representert av organisasjonen, og alle studentane kan stille til val som tillitsvald. Om einskilde studentar ved ein medlemsskule ikkje ønskjer å vere knytt til organisasjonen kan ein reservera seg mot medlemskapen uavhengig av studentrådet sitt vedtak. Einskilde studentar kan også melde seg inn i ONF sjølv om studentrådet ikkje vedtar at institusjonen skal ha medlemskap for studentane.

Medlemskontingensten vert rekna ut etter talet på studentar ved skulen og er for tida 75 kr per student per semester. Studentrådet og administrasjonen ved ein skule som ønskjer medlemskap vert oppmoda om å saman utarbeide ein avtale om korleis kontingensten skal verte dekt.

ONF si politiske plattform ligg som vedlegg til denne orienteringa.

#### **Medlemskap i RFF**

Som nemnt i innleiinga har FFU fristilt RFF som rådgjevande organ for FFU og bedt fagskulestyrene vurdera om dei ønskjer vidare medlemskap for eigne fagskular. Det er naturleg at RFF ikkje er eit rådgjevande organ for FFU av di RFF arbeider med fleire saker som er innanfor fagskulestyrene sitt ansvarsområde. FFU arbeidar med å etablere eit eige nettverk som skal handsama fagskulesaker i høve til forvaltningssaker som er fylkeskommunane sitt ansvarsområde. I tillegg ønskjer FFU medlemskap i Nasjonalt fagskoleråd som arbeider med fagskulesaker på eit meir overordna nivå.

RFF var opphavleg oppretta som eit koordinerande organ som skulle syte for ein møteplass for dei fylkeskommunale fagskulane. Dei seinare åra har RFF utvikla seg i større grad mot å vere eit organ som gjev uttale på vegner av dei offentlege fagskulane og som arbeider med kvalitetsutvikling, samordning av etterutdanningstiltak, marknadsføring og informasjonstiltak.

RFF har gjort mykje bra arbeid for dei offentlege fagskulane og har utvikla seg vidare i ei tid der sektoren gjerne hadde andre behov enn i dag. Slik fagskulen er innretta i lovverket er det naturleg at det i mindre eller ingen grad vert arbeidd med saker som vedkjem fagskulestyra. I høve til saker som RFF skal arbeide med, jamfør mandat, bør følgjande oppgåver verte revurdert i mandatet:

- Kvalitetsutvikling
- Samordning av etterutdanningstiltak
- Marknadsføring og informasjonstiltak

Dette er oppgåver som etter fagskulelova tydeleg er plassert hos styra for fagskulane.

Utdanningsinstitusjonar på tertiar-nivå med godkjenning hjå NOKUT skal ha eit godkjent kvalitetssystem som skal ivareta kvaliteten i utdanningane. Kvalitetssystemet må vere forankra ved den einskilde skule, og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet. Dette er såleis ikkje ei sentralisert oppgåve, men ei viktig oppgåve for den einskilde skule og styre.

I høve til samordning av etterutdanningstiltak var det tidlegare eit behov for pedagogisk utdanning for ein del fagskulelærarar, men det er i dag etablerte ordningar for dette. Dette punktet bør derfor gå ut av mandatet.

RFF har arbeidd med ein del marknadsførings- og informasjonstiltak som er felles for sektoren for å fremje fagskulen, og dette har vore eit ønskje frå medlemmene tidlegare, også Fagskolane i Hordaland. Likevel bør ein vurdera om det er høveleg å gjere felles marknadsføringstiltak, og korleis slike tiltak skal finansierast.

Som nemnt i omtalen av RFF er medlemmene i styret for RFF representert i NUTF, NUFHO og Nasjonalt fagskoleråd. Såleis er det stort sett dei same personane som sit i ulike råd og utval, og det kan vere lett å blande dei ulike rolla ein har i dei ulike råd og utval.

I høve til NUTF og NUFHO vert det i fleire samanhengar presisert at det er desse utvala som eig dei nasjonale planane, og det er ei sterk forventning til at fagskulane skal innordne seg etter desse. Dette er sjølv sagt ikkje riktig, og ein NOKUT-godkjent plan vert eiga av den tilbydar som har søkt, uavhengig av om planen er utarbeidd av NUTF eller NUFHO. Vidare må det vere opp til den einskilde tilbydar å vurdere korleis utdanningane skal verte utforma. Det er sjølv sagt ein fordel at fagskuletilboda kan vere nokolunde like slik at studentar kan bevege seg friare mellom fagskular, men dette kan ikkje gå på kostnad av fagskulen si eigen faglege integritet og ønskjer hjå lokalt næringsliv. Det er meir ønskjeleg at dei faglege utvala utarbeider overordna rammeplanar for sektoren, utan å prøve å detaljstyre planar som eit direktorat.

På bakgrunn av desse utfordringane vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at det vert utarbeidd eit brev til RFF i forkant av årsmøtet, om korleis Fagskolane i Hordaland ser føre seg at RFF og dei faglege utvala skal arbeide. Mellom anna ønskjer Fagskolane i Hordaland at både aktiviteten og medlemskontingennten til RFF vert redusert, og at rådet ikkje uttalar seg på vegner av fagskulane.



Arkivnr: 2015/11453-27

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	14/16	17.03.2016

**Investeringsbehov ved Fagskolane i Hordaland 2016****Samandrag**

Fagskulestyret fekk sak om investeringsbehov for 2015 lagt fram som melding i styremøtet 26.01.2016 og bad om å få ei ny sak om investeringsbehovet ved fagskulane for 2016. Sak om fordeling av investeringsmidlar for vidaregåande skular og fagskulane skal handsamast i Utval for opplæring og helse (OPHE) i møte 07.04.2016. Det er Fylkesrådmannen som førebur saka for OPHE, og ny sak frå fagskulestyret om investeringsbehovet i 2016 vert derfor oversendt til fylkesadministrasjonen for vidare saksutgreiing.

**Forslag til vedtak**

Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Utval for opplæring og helse i høve fordeling av investeringsmidlar i 2016:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad	Pri.
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Investering som skulle ha vorte kjøpt i 2015, men som ikkje vart sett i produksjon før i 2016.	1 100 000,-	1
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Laboratorieutstyr til elektroniske system, elektriske system og måleteknikk.	600 000,-	2
Bergen tekniske fagskole	Robot CNC cell	Utstyr til tilboda automasjon, elkraft, prosess og ny fagskuleutdanning i CNC og robotteknologi.	2 500 000,-	3
Bergen maritime fagskole	DP2 stasjoner og Anchor handling integrert med NAV simulator (studiested Austevoll)	Oppgradering til eksisterande bru-simulator – dynamisk posisjonering. Inngår i læreplanen og vil kunne nyttaast i kurssamanhang.	2 300 000,-	1
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av boresimulator – DS 6000	Oppgradering og ekstra funksjonar i høve til å programmera og testa oppgåver.	2 360 000,-	2
Bergen maritime fagskole	CWI simulator (innan boring)	Utstyr som gjev ny funksjon til eksisterande boresimulator.	2 653 700,-	3

<b>Sum</b>		<b>11 513 700,-</b>	
------------	--	---------------------	--

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.02.2016**

### Bakgrunn

Hordaland fagskulestyre handsama sak om investeringsmidlar i møte 24.03.2015 og fatta følgjande vedtak:

#### «Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Opplærings- og helseutvalet i høve fordeling av investerings- og fondsmidlar i 2015:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad
Bergen tekniske fagskole	Inventar og utstyr til Haugeveien og Margaretastredet	Inventar og utstyr hovudsakleg til kantine, kontor og klasserom.	1 500 000,-
Bergen tekniske fagskole	Simulerings- og laboratorieutstyr	Ustyr som er felles for alle utdanningane.	6 326 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Trykk kontrollsimulator - CS	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	1 382 715,-
Bergen maritime fagskole	Høgspentsimulator	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 400 000,-
Bergen maritime fagskole	Visuelle kanalar til ECDIS lab	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 120 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Engine simulator MC 90 versjon 3 til K-sim Engine	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	3 470 000,-
<b>Sum</b>			<b>15 198 715,-</b>

2. Fagskulestyret har merka seg at Bergen tekniske fagskole har eit investeringsbehov på over 18 millionar og Bergen maritime fagskole på vel 14,5 millionar. Fagskulestyret er uroa over at det framleis vil vere eit stort investeringsbehov sjølv etter innstillinga frå fagskulestyret til opplæring- og helseutvalet. Fagskulestyret ber om at restinvestering blir følgd opp i budsjett 2016, og at skulane sjølv kan få omprioritera midlar innanfor bevilga beløp om dei finn det føremålstenleg. Dette for å sjå på investeringar over 2 år.»

Saka vart etter handsaming av styret oversendt administrasjonen ved Opplæringsavdelinga og handsama vidare politisk. Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vart vidare løyvd til saman 15,2 millionar til investeringar over budsjett for investeringsmidlar og samlefondet i 2015. Styret si tilråding vart såleis prioritert politisk.

### Saksgang

Fagskulestyret fekk sak om investeringsbehov for 2015 lagt fram som melding i styremøtet 26.01.2016 og bad om å få ei ny sak om investeringsbehovet ved fagskulane for 2016. Sak om fordeling av investeringsmidlar for vidaregåande skular og fagskular skal handsamast i Utval for opplæring og helse (OPHE) i møte 07.04.2016. Det er Fylkesrådmannen som førebud saka for OPHE, og ny sak frå fagskulestyret om investeringsbehovet i 2016 vert derfor oversendt til fylkesadministrasjonen for vidare saksutgreiling. Denne saka vert såleis lagt som vedlegg til sak om fordeling av investeringsmidlar for vidaregåande skular og fagskular i 2016.

## Investeringsbehovet i 2016

På bakgrunn av tidlegare tildelingar av investeringsmidlar til fagskulane vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå følgjande prioritering av investeringsbehov som vert meldt inn til fylkesadministrasjonen:

<b>Skule</b>	<b>Ustyr</b>	<b>Omtale</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Pri.</b>
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Investering som skulle ha vorte kjøpt i 2015, men som ikkje vart sett i produksjon før i 2016.*	1 100 000,-	1
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Laboratorieutstyr til elektroniske system, elektriske system og måleteknikk.	600 000,-	2
Bergen tekniske fagskole	Robot CNC cell	Utstyr til tilboda automasjon, elkraft, prosess og ny fagskuleutdanning i CNC og robotteknologi.	2 500 000,-	3
Bergen maritime fagskole	DP2 stasjoner og Anchor handling integrert med NAV simulator (stadiestad Austevoll)	Oppgradering til eksisterande bru-simulator – dynamisk posisjonering. Inngår i læreplanen og vil kunne nyttast i kurssamanheng.**	2 300 000,-	1
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av boresimulator – DS 6000	Oppgradering og ekstra funksjonar i høve til å programmera og testa oppgåver.	2 360 000,-	2
Bergen maritime fagskole	CWI simulator (innan boring)	Utstyr som gjev ny funksjon til eksisterande boresimulator.	2 653 700,-	3
<b>Sum</b>			<b>11 513 700,-</b>	

\*Bergen tekniske fagskole fekk om lag 8 mill til investeringar i 2015, men på grunn av flytteprosess kom arbeidet med innkjøp seint i gang. Laboratorieutstyr vart bestilt i 2015, men leverandør fekk ikkje sett utstyret i produksjon før i 2016, og investeringa kunne soleis ikkje førast på investeringsbudsjettet for 2015. Det er derfor ønskjeleg at denne investeringa vert re-finansiert i 2016.

\*\*Etter at det vart installert ny bru-simulator ved Bergen maritime fagskole og studiestad Austevoll er det ikkje tilgang til DP stasjonar av di dette er ekstrautstyr. Kunnskap om dynamisk posisjonering er sentralt i utdanninga av navigatørar. Det er behov for éin DP2 ved studiestaden Austevoll som også vil verte nytta av navigatørstudentane ved Bergen maritime fagskole.



Arkivnr: 2015/11453-21

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	15/16	17.03.2016

**Fordeling av utviklingsmidlar 2016****Samandrag**

I styremøte 26.01.16 vedtok fagskulestyret i sak PS 5/2016 *Budsjett for fellesmidlar 2016* ein post for utviklingsmidlar på kroner 500 000,-. Dei tre fagskulane har på bakgrunn av dette sendt kvar sin søknad om midlar til ulike utviklingsprosjekt (sjå vedlegga).

Prosjekta det er søkt midlar til, er:

- Utvikling og oppfølging av nettundervisning – Bergen tekniske fagskole – 250 000,-
- Utvikling av fagskulestudiet i havbotninstallasjon – Bergen maritime fagskole – 250 000,-
- Utvikling av rettleiaropplæring – Hordaland helsefagskole – 85 000,-

**Forslag til vedtak**

Hordaland fagskulestyre vedtek følgjande fordeling av utviklingsmidlar for 2016:

- Utvikling og oppfølging av nettundervisning – Bergen tekniske fagskole – 215 000,-
- Utvikling av fagskulestudiet i havbotninstallasjon – Bergen maritime fagskole – 215 000,-
- Utvikling av rettleiaropplæring – Hordaland helsefagskole – 70 000,-

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Søknad Bergen tekniske fagskole
- 2 Søknad Bergen maritime fagskole
- 3 Søknad Hordaland helsefagskole

**Fylkesrådmannen, 23.02.2016**

I styremøte 26.01.2016 vedtok fagskulestyret i sak PS 5/2016 *Budsjett for fellesmidlar 2016* ein post for utviklingsmidlar på kroner 500 000,-. Dei tre fagskulane har på bakgrunn av dette sendt kvar sin søknad om midlar til ulike utviklingsprosjekt (sjå vedlegga).

Prosjekta det er søkt midlar til er:

Utvikling og oppfølging av nettundervisning – Bergen tekniske fagskole – 250 000,-

På bakgrunn av aukande tal på nettstudentar; tilbod som føregår ved ulike studiestader og den teknologiske utviklinga i samfunnet, ønskjer skulen å vidareutvikle den nettbaserte undervisninga som vert gjeve ved skulen. Bergen tekniske fagskole ønskjer å oppretta ei prosjektstilling som vil ha ansvar for å utvikle ei moderne nettundervisning ved fagskulen. Framtidig nettundervisning skal mellom anna kunne vere meir dynamisk i høve til å gje studentane tettare oppfølging mellom samlingane, gje undervisning og rettleiing i sanntid, samt ta opptak av undervisningsøkter for fleksibel bruk (les meir i vedlegg 1).

Utvikling av fagskulestudiet i havbotninstallasjon – Bergen maritime fagskole – 250 000,-

